

Det vil vise seg

**Norsk Viseforum –
og eit muleg Vestnorsk Viseforum**

Georg Arnestad

TITTEL	NOTATNR.	DATO
Det vil vise seg Norsk Viseforum – og eit muleg Vestnorsk Viseforum	3/17	17.5.2017
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
Mulegheitsstudie for Vestnorsk Viseforum	Open	31
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Georg Arnestad	Georg Arnestad	
OPPDRAGSGJEVAR		
Norsk Viseforum, Oslo		
SAMANDRAG		
<p>Denne rapporten er resultatet av eit oppdrag frå Norsk Viseforum (NVF) om å greie ut spørsmålet om mogleg skiping av eit Vestnorsk Viseforum. Det vil i så tilfelle vere tredje gongs etablering. Det første Vestnorsk Viseforum vart etablert i 1974, midt under visebølgja. Men bølga stilna mot slutten av 70-talet. Og ut på 80-talet var Vestnorsk Viseforum heilt borte. I 2014 tok så NVF initiativet til å etablere eit nytt Vestnorsk Viseforum. Det vart registrert i Brønnøysund, og eit styre vart nemnt opp. Men alt året etter rakna det. I hovudsak grunna samarbeidsvanskar i det oppnemnde styret. I denne utgreiinga har vi lagt eit lengre tidsperspektiv til grunn. Vi fortel historia om visebølgja frå 1965 til slutten av 70-talet. Eit resultat av visebølgja var skipinga av Norsk Viseforum og seks regionale forum innan 1976. Berre Norsk Viseforum og Østnorsk Viseforum har klart seg samanhengande gjennom dei 40 åra sidan då. Nordnorsk Viseforum eksisterer også i dag, men har hatt fleire periodar utan aktivitet, og vorte restarta to gonger. Men i dag peikar pilene oppover for viserørsla. Feltet er i vekst, aktiviteten aukar, det vert fleire nye viseklubbar, nye spennande artistar osv. Også på Vestlandet. NVF diskuterer ny strategi, der amatør og profesjonell skal likestillast, og vil ha slutt på feltets sjangermessige utanforskap. Visefeltet gjer krav på sin rettmessige del av dei offentlege midlane til rytmisk musikk. Sett i lys av ei slik utvikling er det òg rimeleg at NVF ønskjer seg eit sterkt regionalt viseforum også på Vestlandet. Utgreiinga sluttar seg til dette. Tida er moden for å etablere eit berekraftig viseforum på Vestlandet. Men det kjem ikkje av seg sjølv. Utgreiinga drøftar utfordringar ein står overfor, og korleis ein best kan få til ei berekraftig drift og finansiering av eit Vestnorsk Viseforum.</p>		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
	0806- 1696	Georg Arnestad

Forord

Denne rapporten er skriven på oppdrag av Norsk Viseforum. Oppdraget var å lage ein «mulighetsstudie» for etablering av eit Vestnorsk Viseforum. Oppdragsgivar ønskte «en omfattende og grundig utredning» om slike «muligheter.»

I mi utgreiing har eg lagt vekt på å få fram utviklinga av viserørsla og organiseringa av denne frå 1960-talet og fram til i dag, med vekt på den regionale aspektet. Utgreiinga har òg eit breitt oversyn over dei organiserte visemiljøa på Vestlandet. Etter tiår med stillstand er viserørsla i dag i vekst, aktiviteten aukar, og nye viseklubbar og dyktige artistar veks fram. Norsk Viseforum er i positiv utvikling og ønskjer seg no nye regionale viseforum.

Bortsett frå for dei siste åra har eg stort sett berre brukt sekundærkjelder i arbeidet mitt. Men nokre av dei vestlendingane eg har intervjuar, har vore med i den organiserte viserørsla sidan 1970-åra. Ressursramma for dette prosjektet har ikkje gjort det muleg med arkivstudiar eller anna innsamling av relevant materiale for å få eit grep om den fullstendige historia til viseorganisasjonane.

Men viserørslas skjøre historie, slik eg har framstilt den i rapporten, høyrer med som bakteppe i ei utgreiing om mogleg etablering av eit nytt regionalt viseforum på Vestlandet. Føresetnadene er i dag forholdsvis gode for å lykkast med arbeidet. Norsk Viseforum er likevel avhengig av eit godt samspel med konstruktive krefter i visemiljøa og viseklubbane på Vestlandet for å få dette til.

Eg vil takke Norsk Viseforum for oppdraget. Samarbeidet med dagleg leiar Audun Reithaug har vore godt og givande. Eg takkar òg mine mange informantar i viserørsla og i den regionale musikkørsla elles, særleg i vest, men òg i nord og aust, for nyttige samtalar og tilsendt materiale. Utan dykk kunne denne rapporten knapt ha vorte til.

Eg ønskjer Norsk Viseforum og viserørsla her i vest lykke til i arbeidet med å skipe og forme ut ein samlande og berekraftig viseorganisasjon på Vestlandet.

Til sist: Eg nyttar i rapporten skrivemåten Norsk Viseforum, Østnorsk Viseforum og Nordnorsk Viseforum osv., slik organisasjonane sjølve skriv det. Korrekt norsk skrivemåte skal vere Norsk viseforum, Østnorsk viseforum og Nordnorsk viseforum. Akkurat slik Norsk visearkiv, som no er ein del av Nasjonalbiblioteket, skriv seg.

Namnet på organisasjonen eg vonar denne rapporten medverkar til vellykka skiping av, bør følgjeleg skrivast slik: Vestnorsk viseforum. Eg synest også det er rimeleg at dei andre viseorganisasjonane held seg til korrekt norsk skrivemåte.

Sogndal 17. mai, 2017

Georg Arnestad

Innholdsliste

1 Bakgrunn for og opplegg av rapporten.....	5
2 Visebølgja.....	7
Introduksjon	
Den moderne viserørsla	
3 Dei regionale organisasjonane.....	9
Nordnorsk Viseforum	
Østnorsk Viseforum	
Vestnorsk Viseforum	
4 Norsk Viseforum.....	14
Den nasjonale organisasjonen	
Anna organisert aktivitet på visefeltet	
5 Det organiserte visefeltet på Vestlandet.....	18
Sogn og Fjordane	
Hordaland	
Rogaland	
6 Eit «Vestnorsk Viseforum»?.....	24
7 Visa i kulturpolitikken.....	27
Litteratur og kjelder.....	31

Forkortingar som er brukte i rapporten

NVF = Norsk Viseforum (og Norsk Viseforbund)

NVLF = Norsk Vise og Lyrikkforum

NNV = Nordnorsk Viseforum

ØNV = Østnorsk Viseforum

VNV = Vestnorsk Viseforum

VNVL = Vestnorsk Vise og Lyrikkforum

FINN = Festspillene i Nord-Norge

BRAK er eit kompetansesenter for alle som driv med (rytmisk) musikk i Hordaland og Sogn og Fjordane

STAR er eit kompetansesenter for alle som driv med (rytmisk) musikk i Rogaland

1 Bakgrunn for og opplegg av rapporten

Bakgrunn

Denne rapporten har sin bakgrunn i ein førespurnad til underteikna frå dagleg leiar Audun Reithaug i Norsk Viseforum i mai 2016. Førespurnaden gjaldt ei mogleg etablering av eit regionalt viseforum for Vestlandet. Reithaug ønskte å søkje Hordaland fylkeskommune om midlar til ei utgreiing om dette og ville rådføre seg med meg undervegs.

Vi innleidde ein dialog om saka. Dette resulterte i at Norsk Viseforum seint i juni sende ein søknad til Kulturelt utviklingsprogram 2016, Hordaland fylkeskommune, om eit bidrag (kr 140.000) til arbeidet med det som vart kalla «Mulegheitsstudie for Vestnorsk Viseforum».

Det vart skissert følgjande målsetning for arbeidet:

Ved å gjennomføre en omfattende og grundig utredning om muligheter for et Vestnorsk Viseforum ønsker vi å oppnå et godt utgangspunkt for å i neste rekke etablere et Vestnorsk Viseforum. Mulighetsstudien skal gi en tydelig legitimitet, en klar rollefordeling, et mandat, og en tydelighet til samarbeidspartnere og nettverk slik at en eventuell etablering ikke får startproblemer. Ved å kartlegge behov, utviklingsmuligheter, samarbeidsformer, fylkeskommunal forankring, lokalisering, og finansieringsformer vil en slik utredning gi et veldig godt kunnskapsgrunnlag for samordning og samhandling innen visefeltet på Vestlandet.

Det kom inn 53 til søknader til Kulturelt utviklingsprogram 2016. Midt i oktober vart det klart at Hordaland fylkeskommune ville gi midlar til 20 av dei prosjekta det var søkt om støtte til. Mellom desse var «mulegheitsstudien for Vestnorsk Viseforum». Til denne studien vart det løyvd kr 140.000. Norsk Viseforum skulle stille opp med ein tilsvarande eigendel i prosjektet.

I desember gjorde Norsk Viseforum og Høgskulen i Sogn og Fjordane ein avtale om arbeidet med «mulegheitstudien». Kontraktsummen var kr 125.000 pluss 15.000 i reiseutgifter. Arbeidet i prosjektet skulle bestå av følgjande delar:

- 1) Innsamling og systematisering av opplysningar som viser utvikling av og status for visefeltet, nasjonalt med særleg vekt på Vestlandet.
- 2) Utarbeiding av rapport ved hjelp av innsamla materiale o.a., med vekt på drøfting og forslag til modellar og ambisjonsnivå for regional organisering av visefeltet på Vestlandet.
- 3) Utgreiinga omfattar fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Arbeidet med gjennomføringa av prosjektet tok til i slutten av februar 2017.

Opplegg av rapporten

Den moderne norske viserørsla vaks fram i ti-årsperioden 1965-1975. Vi kan knapt forstå og analysere visefeltet i dag utan kunnskap om dette. Eg gjer derfor innleiingsvis kort greie for utviklinga og organiseringa av visefeltet i denne perioden då visebølgja slo innover landet. Bølgja stilna gradvis mot slutten av 70-talet. Strukturane som hadde vorte etablerte, løyste seg fort opp. Dei var ikkje beredyktige.

Eg prøver i rapporten å rekonstruere utviklinga av Nordnorsk og Østnorsk Viseforum, som er dei to regionale forum vi i dag har på feltet. Eg ser òg på kva for oppgåver og utfordringar desse to har innanfor Norsk Viseforum i dag. Og kvifor fekk ein ikkje til eit varig regionalt viseforum på Vestlandet? I rapporten vert det også gitt ei kortfatta framstilling av utviklinga av den nasjonale organisasjonen fram til i dag.

Det er òg utarbeidd eit oversyn over organiserte viseaktivitetar, som klubbar, festivalar og scener, og utviklinga av dette siste åra, på Vestlandet. I denne rapporten vil det seie i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

I siste del av arbeidet drøftar eg ulike sider ved eventuell skiping av eit nytt regionalt viseforum på Vestlandet. Her vert det òg gjort ei vurdering av «visa i kulturpolitikken» med grunnlag i

- strategiplanen til Norsk Viseforum
- Kulturrådets evaluering av dei mange regionale kompetansesentra for rytmisk musikk og NVF sitt innspel til dette
- mogleg etablering av eit Vestnorsk Viseforum.

Materiale og kjelder

Utgreiinga kviler på følgjande materiale og kjelder:

- Dokumentanalyse: dvs. ulike typar skriftleg informasjon frå Norsk Viseforum, Østnorsk Viseforum og Nordnorsk Viseforum; årsmeldingar, statistikk, undersøkingar, rapportar o.l.
- Kulturrådets notat av 23.2.2017 om «Innspillsrunde om utvikling av strukturen i regionale kompetansesentra for musikk» pluss Norsk Viseforums høyringssvar av 3.4.17.
- Intervju av og samtalar med nøkkelpersonar i visemiljøa, særleg på Vestlandet. Seks personar har vorte intervjuar på lydband, 25-60 minutt. Det er henta inn opplysningar per telefon og e-post frå ca. 15 personar i relevante organisasjonar.
- Historia om visebølgja ca. 1965-75 har vore tema for fleire hovudfags- og masteroppgåver og diverse andre utgreiingar. Eg har brukt fleire av desse. Ingen forskarar har derimot brydd seg med visehistoria *etter* 1980. Det seier sitt. Det har derimot vorte forska mykje på visehistoria *før* visebølgja. I 2016 kom såleis det vitskaplege 12-bindverket «Norske middelalderballader» ut etter mange års forskingsarbeid.
- Aviser, særleg frå databasen Atekst.

Når det gjeld utviklinga av ulike sider ved visefeltet i perioden 1980-2015, er det mange hol som eg gjennom denne utgreiinga av ressursomsyn ikkje har kunna dekkje. Ein systematisk gjennomgang, rekonstruksjon og analysar av arkiva til viseorganisasjonane og Norsk visearkiv, samt systematiske intervju med relevante personar, ville kunne bøte på dette. Det får eventuelt kome i neste omgang.

2 Visebølga

Introduksjon

Den moderne norske viserørsla er eit produkt av den materielle, politiske og kulturelle utviklinga i Noreg i tiåret 1965-1975. Det starta med amerikansk inspirert visesong i hovudstaden midt på 60-talet med (og på) Club7 og Dolphins, som produserte ein heilt ny generasjon visesongar. Austlandet var «det pulserende hjertet i norsk visemiljø» (Rykkje 1985, s. 69). Men viserørsla spreidde seg i høgt tempo til resten av landet, materialisert særleg ved dei tre legendariske vise- og lyrikkfestivalane i besteborgarlege Haugesund 1970-72. Kampen mot EEC bidrog til ytterlegare desentralisering og, ikkje minst, sterkare politisering av visene og viserørsla. EF-striden lærte nordmenn «å syngje att, og lærte dei å syngje på norsk», skriv Ottar Grepstad (Grepstad 1985, s. 17). Nei-sigeren 25. september 1972 gav utkanten større tru på seg sjølv, og då folkerøystinga var over, slo nordnorsk visekunst ut i full blomst. «Rundt 1972-73 var det sannsynligvis flere hundre større og mindre visemiljøer i Norge», konstaterte vise-entusiastane Lars Hauge (jf. Grepstad 1985, s. 17).

Og alt i 1975 var vise-Noreg gjennomorganisert, med eitt nasjonalt og 5-6 regionale viseforum, med viseklubbar og visemiljø over heile landet som basis. Visefeltet var fleire tiår tidlegare ute enn andre norske musikkjangrar med å etablere nasjonale og regionale strukturar. Entusiasmen var enorm, pågangsmotet uendeleg, sjølvtiliten kjempehøg. Særleg i Nord-Noreg. Men det varte ikkje lenge. I siste halvdel av 70-talet kjem dei gryande motsetningane mellom dei profesjonelle visesongarane og den breie amatørørsla tydelegare fram i dagen (Johannessen, s. 48). På visefestivalane vert rocken for fullt representert. Punkten slår ned i Noreg. Viseglansen frå EF-striden og sigeren ved folkerøystinga falmar. Visebølga går gradvis i dvale samtidig som Høgre-bølga erobrar landet. Mange viseklubbar og alle dei regionale viseformane, unnateke Østnorsk Viseforum, visnar på 1980-talet. Norsk Vise- og Lyrikkforum vakla vidare på ustøe føter.

Den moderne viserørsla

Røtene til visesongen og visemiljøet i Noreg kan sporast langt tilbake. Vegard Aalbu trekkjer i si masteroppgåve i historie om vise- og lyrikkfestivalane i Haugesund 1970-1972 trådane tilbake til Det Norske Selskab i København, som frå 1770-talet var den første norske foreininga som tok i bruk viser for å fremje norske verdiar (Aalbu 2008, s. 16-17). Drikkevisa til Johan Nordahl Brun «For Norge, Kiempers Fødeland» og Bergenssongen hans «Jeg tog min nystemte Cithar i Hænde» står att som dei mest kjende visene frå denne perioden.

Denne trenden vart så utvikla vidare innanfor rammene av nasjonalromantikken. No skulle visene formidle den «norske folkeånden.» Dei skulle vere samlande, fri for motsetningar og finne fram til det «urfølelige, det naturlige og det allmenne», skriv Aalbu (s. 17) med referanse til Grepstad (1985, s. 43). Dei folkelege visene eksisterte side om side med folkevisene. Men i motsetning til desse var dei folkelege visene heilt fram til midten av 1900-talet sett på som lite høgverdige kulturuttrykk. I 1944 vart så foreininga Visens Venner etablert. Foreininga, som hadde si forankring blant NRK-medarbeidarar, sette seg som mål å oppvurdere norske viser som kulturuttrykk. På denne tida dominerte den svenske visekunsten i Noreg. Så seint som i 1967 uttalte den dåverande innspelingssjefen for plateselskapet Philips i Noreg: «For å gjøre suksess som visesanger i Norge, bør man helst være svensk.» (Aalbu, s. 18).

Men på dette tidspunktet var den norske visekunsten i omforming. Betydeleg inspirert av både musikalske og politiske hendingar i USA og med bakgrunn i generasjonsskifte og

ungdomsopprør, skjedde det ei vesentleg nyorientering av visefeltet i Noreg alt frå midten av 1960-talet. Det starta i Oslo i 1963. Då vart utestaden Club7, med si vekt på jazz og poesi, etablert. Men klubben hadde eit breitt nedslagsfelt, og i skuggen av «jazz & poetry»-bølga kan ein skimte dei første teikna til «et urbant og radikalt visemiljø» (Aalbu, s. 22). Aalbu nemner her hootenanny-arrangementa til Ole Hauki, som «frembrakte nye talenter på rekke og rad» (Aalbu, s. 23, etter Førland 1998). Hauki hadde bak seg eit lengre opphald i USA, der han var blitt godt kjent med den nordamerikanske «folksong»-tradisjonen. På desse arrangementa samla dei seg, dei unge visesongarane «som var blitt inspirert av Bob Dylan og Donovan og Ralph McTell og Pete Seeger» (Rykkje 1985, s. 43).

I 1965 tok Hauki med seg visemiljøet frå Club7 til den nye viseklubben Dolphins, som var blitt oppretta i 1964 (jf. Johannesen 1987, s. 10), og som etter kvart fekk tilhaldsstad i ein liten alkoholfri helsekostrestaurant («Frisksportrestauranten») i hovudstaden. 12. mars 1966 kunne den nyskipa «Dolphin Club» i Oslo invitere til sin første «viseaften» i lokala til Frisksportrestauranten. I Aftenpostens vesle oppslag om hendinga heitte det: «I denne klubb for viseinteresserte kan medlemmene lære nye viser, delta på klubbens gitarkurs eller rett og slett lytte til andre visesangere. I aften blir det opptreden av hootenannygruppen Sing-Singers, men scenen er åpen for alle som måtte ha lyst å synge.» (Aftenposten 12.3.1966; jf. nettstaden <http://lind.no/vinsjan/index.asp?vis=Jeremias%20Bakfot>). Ole Hauki hadde sjølv stifta Sing-Singers året før, med blant andre Ole Paus som medlem.

«En musikalsk bølge»

Club7 og Dolphins var dei første av fleire hundre laust organiserte visemiljø kring om i landet, haldne oppe, for det meste, av eldsjeler og frivillig innsats. «Samlet representerte miljøene en musikalsk bølge, med tekst og toner som ville reflektere samtidas turbulens», skriv Aalbu (2008, s. 23). Ut frå dette miljøet i Oslo vaks det fram ein heilt ny generasjon med visesongarar; Lillebjørn Nilsen, Ole Paus, Lars Klevstrand, Finn Kalvik, Kari Svendsen, Øystein Sunde, Hege Tunaal. Herifrå kom også nordnorske Jack Berntsen, den første leiaren av Norsk Viseforum og seinare krumtapp i viserørsla i Nord-Noreg. Berntsen studerte i Oslo 1963-68, før han begynte som adjunkt ved gymnaset i Svolvær. Same året (1968) etablerte Berntsen viseklubben Lovisa i Svolvær, og utvikla gjennom den eit aktivt visemiljø i heile Lofoten. Han var også leiar og arrangør av visefestivalen Troilltampen (1973-1987) som fekk mykje å seie for visemiljøet i heile Nord-Noreg (jf. Johannesen 1987, s. 25).

Viserørsla i Noreg starta og utvikla seg i Oslo frå tidleg på 1960-talet. Men alt før tiåret var omme, hadde visebølgja spreidd seg over heile landet. Og den første store visefestivalen kom slett ikkje i Oslo, men i ein mindre, og kulturtrong, by på Sør-Vestlandet, nemleg Haugesund. Dei tre vise- og lyrikkfestivalane i Haugesund (1970-72) står i ettertid fram som den tidlegaste og klaraste manifestasjonen på ein ny ungdomskultur og ein ny type norsk musikk som kom til å prege 1970-talet.

Viseklubben Forum Haugesund vart skipa i 1968, «i samarbeid med byens nye kulturutvalg» (Aalbu 2008, s. 5). Det var denne klubben som stod bak festivalane i Haugesund. I 1969 vart så Stavanger vise- og lyrikkklubb danna, med 17 år gamle Terje Vallestad med bakgrunn frå Bondeungdomslaget på Stord, som den første leiaren. I 1971 følgjer Bergen etter, med skiping av Askeladden Vise- og Lyrikkklubb. To av desse er borte. Berre vise- og lyrikkklubben i Stavanger har klart seg gjennom bølgedalar og år med passivitet. I dag er denne klubben ein viktig konsertarena i Stavanger.

Det seier noko om krafta i visefeltet i Noreg på 70-talet at ein i løpet av eit par-tre år fekk utvikla eit organisasjonsmønster med éin felles sentral organisasjon og fleire regionale organisasjonsledd. Norsk Viseforum vart stifta på Vinstra 4. august 1975. Representantar frå fem landsdelar var då til stades (jf. Wikipedia om «Visebølgen i Norge»): Østnorsk Viseforum, Sørlandets Viseforum, Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum, Møre og Romsdal Viseforum og Nordnorsk Viseforum. Jack Berntsen blei vald som første formann i den nye organisasjonen. Dei regionale organisasjonane hadde vorte etablerte i perioden 1972-74. I 1976 kom så Trøndersk Vise- og Lyrikkforum i tillegg. Norsk Viseforum skifta same året namn til Norsk Vise- og Lyrikkforum. Lyrikk og viser høyrte nær saman på 1970-talet.

Men alt tidleg på 1980-talet då aktiviteten på visefeltet blei kraftig redusert, braut dette mønsteret saman. Det organiserte visefeltet låg nesten brakk frå slutten av 1980-talet til ut på 2000-talet. I dag er visefeltet i ferd med å byggje seg opp att, med ein veksande sentral organisasjon, Norsk Viseforum, og, så langt, to aktive og levande regionorganisasjonar, Østnorsk Viseforum og Nordnorsk Viseforum. Det østnorske forumet har hatt kontinuerleg aktivitet sidan 1970-talet. Men forholdet til sentralleddet har vore trøblete, i tidsrommet 1984-1994 var Østnorsk Viseforum utmeldt av (dåverande) Norsk Vise- og Lyrikkforum. Nordnorsk Viseforum har to gonger i løpet av perioden vorte bygt opp att frå grunnen, på midten av 1990-talet og midt på 00-talet. Vestnorsk Viseforum sjølvdøyde på 1980-talet. Eit forsøk på å (re)etablere Vestnorsk Viseforum i 2014-16 førte ikkje fram. Mi utgreiing er å sjå på som det andre forsøket for å få dette til.

3 Dei regionale organisasjonane

Nordnorsk Viseforum

Nord-Noreg var først ute med å oppvurdere visa sin posisjon i kulturbildet. Regionale kulturtiltak i Nord-Noreg sidestilte tidleg visesongen med andre kulturaktivitetar som korsong, korpsmusikk, jazz og amatørteater, konstaterte Lars Hauge (jf. Rykkje 1985, s. 70). Lars Hauge og Rikskonsertene stod sentralt i arbeidet med å spreie og organisere viseaktiviteten. Skiping av viseverkstader kring om i landet vart eit viktig verkemiddel. Desse verkstadene var «meir enn kurs i instrumentbruk, framføring og viseskiving, det var kreative møteplassar», skriv Idar Lind (Lind 2014, s. 17). Det (truleg) første av slike verkstader skipa Lars Hauge til under Festspillene i Nord-Norge (FINN) i Harstad i 1971. «Det første viseverkstedet i Harstad markerte på en måte starten av organisasjonsprosessen på landsplan, skriv Hauge sjølv (jf. Rykkje 1985, s. 70).

Under viseverkstaden to år seinare i samband med FINN 1973, der ei gruppe aktive visesongarar var samla, vart så Nordnorsk Viseforum (NNV) stifta (Johannessen 1987, s. 43-44). Men ifølgje Wikipedia (jf. Aftenposten 24.6.1972) vart det danna eit interimsstyre alt i 1972, då Lars Hauge i forkant av Festspillene reiste rundt i regionen i fleire veker for å finne visemiljø og folk som ville delta under viseverkstaden i Harstad. Viseverkstaden dette året samla meir enn 120 deltakarar. Men den formelle skipinga skjedde først under Festspillene i Harstad året etter. Svanhild Nygård frå Mehamn i Finnmark vart vald til leiar (Aftenposten 3.7.1973) Målsetjinga for NNV var mellom anna å formidle kontakt mellom dei ulike (vise)klubbane i landsdelen. Ein meinte at det var behov for kontakt og aktivitet utover visefestivalen Troilltampen og det som skjedde under FINN.

NNV ønskte også å stimulere dei lokale klubbane til aktivitet, og arrangerte kurs og viseverkstader for medlemmene. På verkstadene var det òg sett av tid til diskusjonar. «Særleg

var det debatten om visas form og innhald som ble tatt opp, og her var meningene delte», skriv Johannessen (Johannessen 1987, s. 45). Nokre meinte at innhaldet var viktigast, dvs. det standpunktet viseteksten tok. Andre meinte at framføringa og den musikalske kvaliteten var like viktig. Slike diskusjonar blei førte vidare i medlemsbladet Novisa, der usemje «omkring forholdet politikk og estetikk var et stadig tilbakevendende tema.»

NNV skipa også til kurs i administrasjon, for å gi deltakarane kunnskapar om «styre og stell av en klubb eller en organisasjon.» Nordnorsk Viseforum var ein svært aktiv organisasjon fram til 1980, ifølgje Johannessen. Men utover 1980-åra «ble massedeltagelsen i visebevegelsen avtagende» (Johannessen 1987, s. 47). Visefestivalen «Troilltampen» vart arrangert for siste gong i 1987.

I dvale

Nordnorsk Viseforum gjekk i dvale utover 1980-talet. Kor djup og langvarig denne tilstanden var, er litt uklårt. Eg har ikkje hatt kapasitet til å leite i eller hos primærkjelder, men frå 1988 kan eg, via databasen Atekst, følgje moglege spor av Nordnorsk Viseforum i avisa *Nordlys*. Her ser det ut som organisasjonen kanskje er i drift i 1988. I alle fall uttalar viseveteran Ragnar Olsen til avisa dette året at Hålogaland Amatørteaterselskap, der Olsen er tilsett som dramaturg, samarbeider med Nordnorsk Viseforum om eit kurs i stemmebruk (Nordlys 22.9.1988). Men NNV var ikkje operativ som aktør.

I 1990 løyver Nordnorsk Kulturråd kr 75.000 til Nordnorsk Viseforum (18.4.1990) og Troms fylkeskommune løyver kr 3.000 (7.5.1990). Andre spor finst ikkje. Det er ingen vitnemål i spaltene i Nordlys om aktivitetar i regi av NNV. Årsmeldinga til Norsk Vise- og Lyrikkforum 1990 stadfester dette. Her heiter det at «NNV ligg i dauvatnet for tida.» Organisasjonen har ingen eigen aktivitet, og vil bli «lagt på is i 1991, og medlemmene vil bli oppfordra til å melde seg direkte i NVLF direkte.»

I 1995 skriv Hermod Hansen i eit innlegg i Nordlys som handlar om «Nordisk visebok – 100 nordiske viser med oversettelser» at «borte er Nordnorsk viseforum, Midtnorsk, Vestnorsk og Norsk Vise- og Lyrikkforum.» Hansen peikar dessutan på at dei andre nordiske landa ikkje har hatt slike organisasjonar. «Det var Norge og berre Norge som hadde ei visebåre som i all hovudsak var politisk og organiserande» (Nordlys 10.2.1995).

Seinare same året (31.10.1995) er Ragnar Olsen på trykk i Nordlys med artikkelen «På Lofoten med vise». Her skriv han om at etter ein aktiv periode på 70-talet, kom 1980-åra med «lavkonjunktur for visesang og akustisk musikk, og visebevegelsen gjekk mer eller mindre i oppløsning. Nordnorsk Viseforum avgikk f.eks. ved en stille død, men på Østlandet var det ennå såpass livsgnist igjen at man klarte å ta seg sjøl i nakken ved inngangen til 90-tallet.» Men i ein parantes føyer Olsen til dette: «Så vidt jeg vet, har også et nytt Nordnorsk viseforum begynt å røre på seg.» I mars 1996 opplyser Nordnorsk Kulturråd at «landsdelen har fått to nye organisasjoner siden sist: Nordnorsk Viseforum og Nordnorsk Teaterforum, som søker og får driftsmidler (Nordlys 5.3.1996).

Det offisielle (ny-)stiftelsesmøtet vart lagt til Kulturhuset i Tromsø, 13.9.1996. Eit interimsstyre var då alt danna, og eit par medlemsorganisasjonar hadde alt meldt seg inn. Interimsstyret hadde òg «gravd frem de nedstøvede protokollene til Nordnorsk Viseforum» i lokala til Musikkrådet i Troms (Nordlys 31.8.1996). Nydanninga av Nordnorsk Viseforum hadde elles samanheng med «et skisma mellom «Østnorsk Viseforum og resten av Vise-Norge som nå er løst» (sjå nedanfor).

Etter nokre få år med aktiv drift gjekk NNV inn i ein ny dvaletilstand ved byrjinga av 2000-talet. Dette endra seg i 2006 då Troms Musikkråd (Tromsø) tok over sekretariatsarbeidet for NNV. På dette tidspunktet var det nesten ingen aktivitet i forumet.

Dagens Nordnorsk Viseforum har framleis sin administrative heim hos Musikkrådet i Troms. Bak organisasjonen står det per 2016 18 medlemslag/arrangørføretak og 31 enkeltmedlemmer. Det er flest lag frå Troms; heile 14 av 18. Organisasjonen har hatt ein liten medlemsvekst sidan 2011.

Ifølgje formålsparagrafen er NNV «en arena og interesseorganisasjon for skapende og utøvende visekunstnere og viseinteresserte i Nord-Norge.» Organisasjonen skal vere eit ressurscenter for «visebevegelsen og en regionavdeling av Norsk Viseforum, og bidra med kurs og seminarer, kompetanse, utvikling og veiledning.»

Aktiviteten dei siste åra har i hovudsak bestått av kurs og seminar for medlemmene; viseskiving, lydteknikk, arrangørkurs, lys- og lydkurs, med 8-12 deltakarar siste to åra. Det har òg vorte arbeidd litt med eit dokumentasjonsprosjekt som bl.a. skal omfatte NNVs historie og/eller i samling og utgiving av nordnorske viser. Arbeidet med dette har stått i stampe siste to åra, men er forslått prioritert framover. I 2016 hadde NNV driftsinntekter på kr 205.000. Av dette utgjorde eit fylkeskommunalt driftstilskot kr 120.000, via den nordnorske kulturavtalen. Driftstilskotet frå Norsk Viseforum var 20.000, og eit kurstilskot frå Norsk musikkråd kr 27.000. I 2016 hadde NNV eit driftsoverskot på kr 35.000. I 2015 hadde NNV eit driftsunderskot på kr 15.000.

Østnorsk Viseforum

Initiativet til Østnorsk Viseforum vart teke året i 1973, under Per Gynt-stemnet på Vinstra i august. På eit møte blant viseinteresserte blei det då ifølgje Aftenposten 6.8.1973 «besluttet å danne et Østnorsk Viseforum.» Det vart òg sett ned eit arbeidsutval på fire personar. Eitt år seinare, under Per Gynt-stemnet i 1974, skriv Aftenposten (5.8) at eit «Austnorsk Viseforum» som «blir en sammenslutning av viseklubber på Østlandet, blir stiftet på Vinstra under Per Gynt-stemnet mandag den 5. august.» Viseentusiasten Lars Hauge var initiativtakar, «dessutan står Visens Venner og formannen Gunnar Winsnes bak.» Winsnes leidde Østnorsk Viseforum dei tre første åra, 1974-77. Eitt av desse åra var han leiar både av Visens Venner, Østnorsk Viseforum og Norsk Vise- og Lyrikkforum.

ØNV har halde det gåande samanhengande sidan 1974. Eller, som det vart sagt under feiringa av 40-årsjubileet i 2015, «ØNV har ridd visebølgen i 40 år». Det er rimeleg å sjå dette i samheng med at det austaføre har vore lite opprørstrang, få protestviser og ingen lange diskusjonar om visas innhald og form. Intensiteten, opprøret, protestane; det Ottar Grepstad har kalla «høvesdiktinga», kom i alt i starten i betydeleg mindre grad til å prege viserørsla på Austlandet enn i nord og i vest.

Hiro Erlandssen, styreleiar i ØNV 1980/81, reflekterer i si helsing til tiårs-jubileet i 1984 kring dette. Han skriv:

Og heller ikke hadde vi så sterk føling med de politiske problemer som folk fra andre landsdeler hadde mere tett innpå livet: Avfolkning av tettsteder og utenlandske trålere som ødelegger fiskegarn. Og en hovedstad som ligger urimelig langt borte og får en til å føle seg sentraldirigert. Så ble da våre viser innen ØNV mindre preget av protest og kamp enn de andre foras. Og selv de ganger da det innen ØNV ble benyttet mere kamppregede viser, var det mere som «en del av repertoiret.» Våre viser hadde, som det nok ble påpekt fra annet hold, et visst

preg av «rødvin og levende lys.» Jeg har tenkt mye over forskjellen Forskjellen skyldtes ingen person. Derimot, tror jeg, Norges geografi og det ujevne bosettingsmønsteret i landet. I sentrum av Østlandsområdet dvs. nettopp innen ØNVs område, ligger viseklubbene så tett at det ikke trengs noen store arrangementer for å kunne møtes.»

Eg trur Hiro Erlandssen her fangar opp eit vesentleg skilje ved «visekulturen» mellom aust og nord/vest. Samtidig set han ord på viktige sider ved visefeltet innanfor ØNV. Arven frå Visens Venner har nok også prega utviklinga i ØNV.

ØNV melder seg ut

ØNV er også eit regionforum under Norsk Viseforum. Men i 1984 melde ØNV seg ut av Norsk Vise og Lyrikkforum. Det hadde mellom anna å gjere med ei misnøye kring forholdet mellom amatørar og profesjonelle visesongarar innanfor NVLF. ØNV meinte at styret for NVF ikkje «fungerte som det samlingsorgan man trenger.» Ifølgje bladet Viseforum nr. 1/95 meinte ØNV at NVLF ikkje arbeidde for «den allminnelige visesanger», og at statstilskotet ikkje kom klubbar og distriktsforum til gode. Det einaste ØNV meinte å ha att for medlemskapen, var «en haug papirer som ingen hadde nytte av.»

Marit Solberg, som var styreleiar 1981-86, og den som effektuerte utmeldinga, skreiv i si oppsummering til tiårs-jubileet for ØNV at det også framover vil vere behov for en organisasjon som Østnorsk Viseforum, der «det legges vekt på at alle skal slippe til, selv om du ikke spiller helt supert på gitaren eller har fått utdelt den fineste sangstemmen.»

I 1994 vart ØNV igjen medlem av Norsk Viseforum. Då hadde det i rundt to år vore forhandlingar om samanslåing mellom ØNV og NVLF, etter initiativ frå sistnemnde. Samtidig endra Norsk Vise- og Lyrikkforum namn til Norsk Viseforbund. I den nye formålsparagrafen vart det slått fast at (det nye) forbundet var «partipolitisk og livssynsmessig uavhengig og har som mål å styrke visesangen i Norge på bredt folkelig grunnlag.»

Under 40-årsjubileet i 2015 gav styreleiar Per-Arne Brunvoll under overskrifta «viseglede og kontakt gjennom 40 år» eit oppsummerande oversyn over dei viktigaste aktivitetane i ØNV:

- visetreff som bærebjelke i hele ØNVs arbeid
- kurs; å lære opp viseinteresserte mennesker til å bli dyktigere til å utøve sin hobby (låtskriververksteder...)
- mangfold, et begrep i ØNV, arbeidet med ungdomsgruppa
- ledersamlinger, 1990-2012; prate sammen om problemer og utfordringer
- ØNV har gitt ut tre visebøker

ØNV har framleis preg av å vere ein frivillig organisasjon basert på betydeleg eigeninnsats og dugnader av medlemmene. Dette gjeld også leing og administrasjon av forumet. ØNV har ingen administrasjonsutgifter. ØNV har heller inga støtte frå fylkeskommunar eller andre offentlege organ. Av dei samla inntektene på kr 362.000 i 2016 kom kr 300.000 frå ØNV sitt «høsttreff», frå ulike kurs og konferansar som ØNV skipar til, pluss frå andre arrangement. Overføringane frå NVF og Norsk musikkråd utgjorde kr 60.000. ØNV har ein solid økonomi.

Formålsparagrafen til ØNV vart endra i 2016. No heiter det at ØNV er «en arena og interesseorganisasjon for visekunstnere, viseklubber og viseinteresserte i Norge og arbeider for å styrke betydningen og vilkårene for viser i Norge.» Samtidig er ØNV «et regionforum under Norsk Viseforum». ØNV, NNV og Norsk Viseforum har no samordna formålsparagrafane sine.

Aktivitetane til ØNV siste åra har bestått av kurs, seminar og mindre festivalar/konsertar. Kurs og seminar omfattar bl.a. akkordprogresjon, låtskriving og visetolking. Det årlege «Høsttreffet» er eit viktig møtepunkt for medlemmene i organisasjonen. Siste åra har ØNV også tildelt ein del stipend til yngre viseutøvarar.

Talet på medlemslag i ØNV har auka frå 37 i 2011 til 48 i 2016, og talet på enkeltmedlemmer frå 68 til 128. Samla medlemstal er no (estimert til) 1.368. ØNV har (minst) 55 pst. av medlemmene og 62 pst. av medlemslaga i NVF. Tre av åtte fylke, nemleg Oslo, Akershus og Vestfold, har 35 av dei 48 medlemslaga i ØNV.

Årsmeldinga til ØNV for 2016 er prega av optimisme. «Vi ser effekten av satsingen på å dyktiggjøre klubbens medlemmer på fremføring og nyskaping,» vert det konstaterert. «Vi har fått bedre framføringer med tydelig kunstnerisk uttrykk og god instrumental ledsagelse. ØNV har også nådd ungdommen i sterkere grad gjennom stipendordningen som bidrar til oppmerksomhet både blant media og utøvere.»

Dei to siste styreleiarane i Norsk Viseforum er henta frå Østnorsk Viseforum. Noverande leiar av Norsk Viseforum er samtidig også leiar av ØNV.

Vestnorsk Viseforum

Terje Vallestad, som var den første leiaren av Stavanger Vise- og Lyrikkforum (skipa i 1969), fortel at det tidleg på 1970-talet vart etablert ei rekkje viseklubbar både i Rogaland og Hordaland. I 1974 kalla han, som leiar av vise- og lyrikkklubben i Stavanger, inn til skipingsmøte for Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum (VNVL) på ein «bondegård» utanfor Bergen. Heile 80-90 personar møtte fram, samlinga strekte seg over tre dagar og det vestnorske forumet vart etablert, med Vallestad som den første formannen. Forumet dreiv svært aktivt i nokre få år. Engasjementet var stort. Visa skulle vere ein del av ein sosial, politisk og kulturell kamp, med EU-kamp og distriktspolitikk i sentrum. Det politiske var like så viktig som det kunstnarlege, slik det også var i Nord-Noreg.

I 1980 og 1981 skipa VNVL, saman med Askeladden viseklubb i Bergen, til Vestlandsfestivalen på Ulvensletta ved Os utanfor Bergen. Den første festivalen, med viser, rock og folkemusikk, vart ein suksess. Den andre festivalen regna derimot heilt vekk og gjekk med (stort) underskot. Kanskje vart dette banesåret for VNVL? Aktiviteten i Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum dabba i alle fall av. Og i løpet av 1980-talet vart organisasjonen heilt borte. Han sjølv døyde så å seie. I motsetning til i Nord-Noreg, vart det heller ikkje gjort lokale forsøk med gjenoppliving av den vestnorske organisasjonen.

Derimot vart det i 2014 teke eit initiativ frå sentralt hald, frå Norsk Viseforum, til å få på beina att ein regionorganisasjon for Vestlandet. Dette hadde blant anna sin bakgrunn i skipinga av eit par-tre nye viseklubbar i Hordaland. På eit møte i Bergen 28.10.2014 mellom dagleg leiar Audun Reithaug og representantar for visemiljø i Bergen/Hordaland vart den nye organisasjonen, Vestnorsk Viseforum, skipa, og eit styre vart peikt ut. Folk frå visemiljøet i Stavanger var også trekte inn. I november blei så den nye organisasjonen presentert på eit flott arrangement lagt til Dyvekes viseklubb i Bergen.

Særleg lenger kom ein ikkje. Den første leiaren av regionforumet forsvann fort ut, av noko uklære grunnar. Og det oppstod etter kvart usemje mellom den nye leiaren og andre folk i styret, både i Bergen og i Stavanger. «Hele styret og deler av valgkomiteen gikk i oppløsning etter personlige konflikter. Samarbeid mellom Rogaland og Hordaland er nå dødt», skreiv

Audun Reithaug i eit notat til styremøtet i NVF 18.2.2016. Han antyda også at dei få personane i visemiljøet i Rogaland med regional orientering, ønskte å orientere seg sørover, mot ein «region sørvest».

Slik enda det første forsøket på å få etablert det nye Vestnorsk Viseforum. Men står dei negative erfaringane frå denne prosessen i 2014-2015 i vegen for at ein kan lykkast med eit nytt forsøk på å etablere Vestnorsk Viseforum i 2017/2018? Vi kjem tilbake til dette nedanfor.

4 Norsk Viseforum

Den nasjonale organisasjonen

Visebølgja på 1970-talet resulterte, som nemnt ovanfor, i etablering av Norsk Viseforum i 1975. Etter berre eit år skifta organisasjonen namn til Norsk Vise- og Lyrikkforum. Frå 1994 vart namnet endra til Norsk Viseforbund; som ein del av kompromisset for å få Østnorsk Viseforum inn att som medlem. Etter ei ny endring i 2002 har organisasjonen (igjen) heitt Norsk Viseforum.

Det ligg ikkje føre noko historisk oversyn over utviklinga i Norsk Viseforum frå starten av og til i dag. Det ser heller ikkje ut til at det har blitt laga kortfatta historiske framstillingar ved tiårs-jubileia.

Men vi har sett ovanfor at dei regionale organisasjonane på visefeltet stort sett gjekk i dvale utover på 1980-talet. Det gjorde ikkje Norsk Viseforum. Organisasjonen har hatt samanhengande verksemd kvart år sidan starten i 1975. Men det seier seg sjølv, ut frå svikten i og avskalninga av regionorganisasjonar, at aktiviteten har gått i bølgedalar. Dei regionale organisasjonane meir eller mindre sjølvdydde på 1980-talet, samtidig som den største og mest sjølvgåande av desse, Østnorsk Viseforum, melde seg ut av Norsk Viseforum i 1984. Då var det ikkje så mykje igjen av Norsk Vise- og Lyrikkforum. Det neste tiåret (1984-94) må ha vore tungt.

Hans Kåre Flø, som var styreleiar for NVLF 1993-2003, og styremedlem frå 1992, fortel at medlemsgrunnlaget i 1992 var ca. åtte viseklubbar som var medlemmer både av NVF og ØNV. Men økonomisk var NVLF ikkje særleg svekka fordi økonomien var avhengig av offentlege driftstilskot og andre offentlege tilskot, ikkje av medlemskontingent. Samtidig var også aktiviteten i NVLF (frå 1986) bunden opp i Norsk Visefestival på Vinstra, både økonomisk og ved at kontoret til NVLF var plassert der. Dei første åra hadde NVLF betydelege inntekter frå festivalen. På byrjinga av 1990-åra var festivalen på hell. Dette svekka økonomien i NVLF. NVLF avvikla derfor i 1993 sitt engasjement i festivalen, som vart nedlagt året etter.

I 1994 vart det òg gjort eit kompromiss med Østnorsk Viseforum, slik at dei med si medlemsmasse og gode økonomi kunne kome inn att i «moderorganisasjonen». Norsk Vise- og Lyrikkforum (NVLF) skifta då namn til Norsk Viseforbund (NVF). Samtidig vart kontoret flytta frå Vinstra til Oslo. Dermed fekk organisasjonen både større økonomisk handlefridom og sterkare kontakt med dei politiske miljøa i hovudstaden. Styreleiar Flø sat då også i styret for Norsk Musikkråd og seinare (til 2013) som styreleiar i Musikkens studieforbund.

Ifølgje dagleg leiar Audun Reithaug i Norsk Viseforum har det vorte avvikla årsmøte i organisasjonen kvart år sidan starten i 1975. Men i periodar har det vore årsmøte der berre

styret og nokre få aktive frå klubbane var til stades. Dette betra seg noko etter 1994, då ØNV kom tilbake. Frå 2006 og utover har også Nordnorsk Viseforum vore operativt igjen og aktivt med i NVF.

Vekstperiode

Siste åra har det gått bra for Norsk Viseforum. NVF har fått fleire medlemmer, auka inntekter og større aktivitet. Stabilitet har prega forholdet til dei to regionledda. Tala indikerer at visefeltet er i vekst. Det same inntrykket får eg ved nokre enkle søk over tid på nokre stikkord på databasen Atekst. Aktiviteten på visefeltet *er* veksande: fleire artistar, fleire konserter, større synlegheit, meir merksemd. Nokre nye, dyktige toppartistar styrkjer inntrykket: Stein Torleif Bjella, Odd Nordstoga, Frida Ånnevik, Tønes, m.fl. Fellestrekk: gode tekstar på norsk og høg musikalsk kvalitet.

I 2016 hadde Norsk Viseforum samla driftsinntekter på 2,3 mill. kroner, mot 1,1 mill. i 2012. I 2012 hadde NVF 65 medlemslag, i 2016 heile 78 lag. Samla anslått medlemstal var 1.580 i 2013 og vel 2.500 i 2016. Veksten har vore sterkast på Austlandet, særleg det sentrale Austlandet.

Norsk Viseforums sekretariat har no tre tilsette i 1,7 stilling mot to personar i 1,1 stilling i 2013. Ikkje før i mars 2015 fekk NVF ei 100 pst. stilling som dagleg leiar. Det var eit godt grep som har styrkt organisasjonen. Det sentrale driftstilskotet via Musikkrådet var i 2016 knapt 1,1 mill. kroner, mot 950.000 i 2013. Inntektsauken til Norsk Viseforum har altså kome frå andre kjelder, særleg frå støtte til prosjektfinansierte aktivitetar som NVF administrerer. Dette er normalt eit kjenneteikn ved kulturorganisasjonar i vekst. Økonomien i NVF er elles under god kontroll.

På landsmøtet til Norsk Viseforum i Stavanger i mars i år vart leiaren av styret for Østnorsk Viseforum vald til ny styreleiar for Norsk Viseforum. Ein annan tidlegare ØNV-leiar var styreleiar for Norsk Viseforum 2013-17. Nestleiar dei siste åra har kome frå Nordnorsk Viseforum. I styret som vart vald på landsmøtet i 2017, er det to representantar nordfrå. I NVF-styret dei siste åra har det òg vore regionale representantar for Vestlandet og Sørlandet. Midt-Noreg var representert 2013-14.

Forholdet til regionane

Forholdet mellom dei (to) regionale foruma og det nasjonale forumet synest no å vere avklart og godt. Det betra seg etter at ØNV i 2013 fekk sin eigen rekneskap og økonomi skilt ut frå NVF. Overgangen til heiltilsett dagleg leiar i NVF (frå mars 2015) har òg ført til betre dialog med regionale forum, særleg i nord. Dagleg leiar Audun Reithaug får gode skussmål frå heile organisasjonen. Frå nord vert det likevel gitt uttrykk for at ein trivst eigentleg godt med å vere litt autonome. Men det blei sett pris på at NVF og NNV hadde ei felles styremøtehelg hausten 2015. På litt sikt kjem det nok også ein styreleiar for NVF frå Nord-Noreg.

Vedtektene for Norsk Viseforum vart sist endra i 2015. I dag er målet for organisasjonen formulert slik: «Norsk Viseforum er en arena og en frivillig interesseorganisasjon for skapende og utøvende visekunstnere, viseklubber og viseinteresserte i Norge og arbeider for å styrke betydningen og vilkårene for viser i Norge.» NNV og ØNV har no, som nemnt, tilpassa sine formålsparagrafar etter dette. NVF synest å vere ein meir samkøyrtd organisasjon enn på lenge.

Veksten i NVF dei to siste åra kan knytast til det faktum at organisasjonen har fått dagleg leiar på heiltid. Dette har ført til betre medlemservice overfor medlemslag og lag under oppstart. NVF har òg teke på seg ansvaret for den økonomiske administrasjonen av Norsk Viseakademi og prosjektet «Prøysen tel by'n». Arbeidet med kompetansebygging har vorte intensivert, og bistanden til drift av viseklubbane utvida. No vert det m.a. arbeidd med å få til eit felles system for medlemsregistrering og kontingentbetaling. Det kulturpolitiske arbeid i organisasjonen er styrkt, og Norsk Viseforum har stått fram som ein meir synleg og tydeleg organisasjon. «Audun er på ballen» vart det sagt under landsmøtet i 2017. Siste åra har det òg vorte arbeidd med prosjektretta tiltak mot dei yngre aktørane i visefeltet; i 2016 galdt dette fleire seminar og konsertar med ungdommar ulike stader i landet. Den store rekrutteringa av unge i medlemslag har òg ført til auka Frifondtilskot til nokre lag på basis av talet medlemmer under 26 år. Vi kan leggje til her at ei ung og sterkt vise-engasjert kvinne på 20 år vart valt inn i NVF-styret på årets landsmøte.

På landsmøtet i Stavanger vart det også arbeidd med NVF sin strategiplan 2017-20. Planen strekar under at det er ei utfordring i medlemsmassen «å ivareta alle utøvere frå nybegynnende amatører til erfarne profesjonelle.» På den eine sida har ein «frivilligheten», på den andre sida utøvarar med målsetjing «å ha inntekt eller utkomme som visekunstnere, musikere/artister.» Strategiplanen er retta inn mot å ivareta og skape eit vinn-vinn forhold mellom desse ytterpunktene. Det finst ingen universalstrategi for å få dette til, men at ein ope aksepterer at her finst det ei klar utfordring som ein ønskjer å arbeide seriøst med, viser at NVF tek dette forholdet på alvor.

Oppsummert kan vi slå fast at Norsk Viseforum per 2017 synest å stå fram som ein konsolidert organisasjon. Det rår ei konstruktiv ro i organisasjonen. Dei to regionale organisasjonane har rett nok ulike tradisjonar og historie, og har hatt ulike tyngdepunkt og vektlagt forskjellige oppgåver. Men dei synest no å trekkje bra saman innanfor ramma av NVF. Medlemstalet veks og aktiviteten på visefeltet aukar. Visa er meir synleg i kulturbildet enn på lenge. NVF ønskjer seg no fleire regionale ledd. Tida synest å vere moden for det.

Anna organisert aktivitet på visefeltet

Norsk visearkiv

Arbeidet med eit norsk visearkiv tok til mot slutten av 1970-talet, då ei rekkje institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar, med Norsk Vise- og Lyrikkforum i spissen, arbeidde med å etablere eit norsk visearkiv etter modell frå Sverige. Visearkivet vart etablert i 1983. Namnet blei endra til Norsk visearkiv i 1996. NVF utnemnde styremedlemmer til arkivet, som var organisert som ei foreining (Foreininga Norsk visearkiv), med eige styre og administrasjon. Arbeidet vart finansiert ved ei årleg løyving over statsbudsjettet. På byrjinga av 2000-talet måtte det til ein storstilt redningsaksjon for å sikre drifta. Frå 1.1.2014 vart drifta av visearkivet ført over til Nasjonalbiblioteket.

Samlinga består av blant anna av eldre folkeviser og litterære songar, gamle slagerar og revyviser, låt-tekstar og samtidsviser på plater, i bøker, skillingstrykk og manuskript. Dessutan eit godt utval forskingslitteratur. Norsk visearkiv forvaltar også arkivet etter organisasjonen Visens Venner, som var lagt ned i 2007.

Bladet Viser (Visor)

Mellom 2008-2012 gav Norsk Viseforum ut bladet Viser.no, med Øyvind Rauset som redaktør. Dette er/vart også namnet på nettstaden til Norsk Viseforum. Frå 2013 vart det gitt ut eit nordisk tidsskrift med same namnet (Viser på norsk/dansk, Visor på svensk). Bladet har

visartiklar frå dei nordiske landa og kjem ut to gonger i året. Øyvind Rauset er hovudredaktør. Det har så langt kome ut med ni nummer. Norsk Viseforum er éin av tre nordiske utgivarar av bladet. Bladet er avhengig av NVF stiller deler av stillingane til sine tilsette til disposisjon. NVF meiner bladet Viser har «stor kulturpolitisk verdi for organisasjonen.»

Norsk Viseakademi

Norsk Viseakademi vart etablert tidleg i 2015, etter eit initiativ frå Lars Klevstrand. Inspirasjonskjelda var Svenska Visakademien. Ifølgje Klevstrand var tida no inne for å sjå på visa som objekt for studiar og forskning, også her til lands. «Spørsmålet om hva en vise er har vært stilt før, men hvor plasserer den seg i dagens kulturbilde», spurde Lars Klevstrand i Ballade.no (3.11.2015). I november 2016 inviterte Akademiet saman med NOPA og Nasjonalbiblioteket til seminaret «Hvordan låter den nye visemusikken?» Våren 2017 skipar det nasjonale museet for populærmusikk, Rockheim i Trondheim, til utstillinga «Ei vise er så mangt» i samarbeid med Norsk Viseakademi, Nasjonalbiblioteket og Norsk Viseforum. Dette er ei utstilling om norsk visesong, visetradisjonar, visebølga, viseartistane og, ikkje minst, visas betydning for utviklinga av den norske populærmusikken. Utstillinga opna på Rockheim i mars og skal visast fram til februar i 2018. NVF har elles ansvaret for det økonomisk-administrative arbeidet med Norsk Viseakademi.

Krafttak for sang

Prosjektet «Krafttak for sang» blei oppretta for å styrkje den levande og breie songkulturen. Det har sitt utspring i «Syng for livet-bevegelsen» som Norsk Viseforum starta arbeidet med på slutten av 1990-tallet. Herifrå vart arbeidet teke vidare til Norsk Musikkråd, som etablerte prosjektet i 2002, men med minimal pengestøtte. Det blei likevel arbeidd vidare med finansiering. I statsbudsjettet 2014 gav så innsatsen utteljing. Då løyvde Kulturdepartementet 1,5 mill. kroner til eit oppdrag om utvikling av ein modell for syngjande skular etter ide frå det omfattande «Sing Up» i England. I 2015 vart beløpet heva til fem mill. kroner, med eit oppdrag om utvikling av syngjande eldreinstitusjonar og om å spreie musikkglede til heile landet. Løyvinga er halden oppe for 2016 og 2017.

«Krafttak for sang» trur på songen sine mange positive effektar for enkeltmenneske og samfunnet som heilskap, effektar som er godt understøtta av nyare forskning. Det er oppretta fem programområde: Song for barn og unge, Song i eldreomsorga, Song og inkludering, Song og helse og Song i lokalsamfunnet. Prosjektet har i dag 24 nasjonale partnerar og 13 pilotkommunar som fokuserer på utvikling av levande lokalsamfunn gjennom song. «Krafttak for sang» samarbeider med prosjektet «Singing Cities» som er eit program for styrking av den levande og inkluderande songen i fleire europeiske byar, i fire ulike land.

NordVisa

Organisasjonen NordVisa vart etablert i 1983 som eit felles nordisk interesseorgan for viserørsla i dei nordiske landa. Organisasjonen har to bein å stå på. Det eine er den samla kunnskapen til medlemmene. Det andre er foreininga sin posisjon som nordisk representant for visa. Medlemmer er både viseutøvarar, forfattarar og lyrikarar, musikarar, arrangørar osv., og «visevenner» som lyttar til og syng viser etter behov. Norsk Viseforum og Visens Venner Danmark er også medlemmer.

NordVisa fungerer som ein nettverks- og servicesentral for visemiljøa i dei nordiske landa. Organisasjonen har realisert to særskilte viktige nordiske prosjekt. Det eine er etableringa av Den nordiske viseskulen, som er ei linje under Nordiska Folkehögskolan i Kungälv nord for

Göteborg. Det andre er utgiving av «Den nordiske viseboken». Organisasjonen er finansiert gjennom medlemspengar og prosjektmidlar. Den har ikkje faste offentlege driftstilskot.

Nordiske visetreff

Midt på 1970-talet vaks det fram eit nordisk visetreff i Tuddal i Telemark. Her møttest ca. 150 aktive visesongarar frå alle dei nordiske landa, inklusive Island, Færøyane og Finland, i pinsehelga og første helga i oktober. Treffet vart skipa til fram til 1984. Det vart etablert og arrangert privat av den norske viseartisten og nettverksmannen Kalle Zwiilmeyer. Han brukte mykje ressursar til å halde direkte kontakt med opp til eit par tusen visefolk i heile Norden og stadig skape samarbeid, kontaktar og aktivitetar.

Tuddal-treffet fekk fleire avleggjarar. Seinast i løpet av dei siste åra, frå 2007, er det etablert eit visetreff på Bragdøya ved Kristiansand som kvart år vert fylt av visesongarar frå Noreg, Danmark og Sverige. Det er òg eit årleg visetreff på Säröhus hotell sør for Göteborg og i Skagen på Jylland. Visetreffet i Skagen vart drive av Kalle Zwiilmeyer fram til han døydde i 2010. Det lever framleis i beste velgåande.

Dei nordiske visetreffa har vore viktige for etableringa og utviklinga av NordVisa og samanbindinga av visemiljøa i Norden og er framleis dette i dag.

Nordisk visefestivalkonferanse

I Malmö i februar 2017 møttest representantar for eit 20-tals nordiske visefestivalar, etter eit initiativ frå Norsk Viseforum. Formålet var å utveksle erfaringar, nettverksmulegheiter og ulike former for samarbeid. Tiltaket er støtta av Kulturkontakt Nord. Dette skjer med bakgrunn i at visene er ein felles kulturarv for dei nordiske land og visefestivalane er eit viktig utstillingsvindaug for visene. «Om festivalerna kan bidra till ett lyft för visor som kulturell uttrycksform, är vi ett gott stycke på väg», heiter det i bladet Visor nr. 9. Det skal vere ein ny visefestivalkonferanse på Åland hausten 2017.

5 Det organiserte visefeltet på Vestlandet

I 2011 hadde Norsk Viseforum to medlemslag på Vestlandet. Av årsmeldinga til NVF for 2016 kan vi sjå at dette no har vakse til åtte. I region Nord-Noreg er det 16 medlemslag, i region Austlandet heile 48. Men om ein ser på talet medlemmer i Norsk Viseforum i 2016, er Vestlandet med sine 597 medlemmer på andreplass. Austlandet har 1.368 og Nord-Noreg 403. Viserørsla i Vest er i vekst. Nedanfor skal vi gi eit oversyn over det organiserte uttrykket for visefeltet på Vestlandet per 2017.

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane finst det berre eitt medlemslag i Norsk Viseforum. Det er viseklubben *Akademiske Maur* på Svanøy utanfor Florø. Øya har 50 fastbuande. Åtte av desse er med i klubben, som vart skipa i 2015. Klubben skipar til små visekveldar på ei kro, har andre sporadiske treff og har arrangert diverse kurs. Klubben samarbeider med eit lokalt kor, som også syng viser. Initiativtakaren, Halvard Husefest Lunde, flytte sjølv frå Florø til Svanøy for nokre år sidan. Det var ingen viseklubb i Florø. Lunde nemner at det på øya Askrova vest for Svanøy var eit «pittelite» visemiljø for nokre år sidan. Han nemner òg visegruppa «Jubelhornet» frå Fjaler som i mange år framførte tekstar av Jakob Sande, tonesett av lokale tonekunstnarar. Viseklubben «Akademiske Maur» har ingen støtte frå kommune eller fylkeskommune, men har fått VO-midlar til kurs klubben har arrangert.

Det finst òg ein viseklubb i Stryn; *Stryn viseklubb*. Denne klubben starta midt på 1980-talet og har halde det gåande samanhengande sidan den gong. Den har i dag ca. 30 godt vaksne medlemmer. Klubben møtest til song- og visekveldar 8-10 gonger i året, og har i hovudsak eit sosialt siktemål. Repertoaret er «alt muleg, gamle viser», særleg Prøysen og Taube, og songar av lokale forfattarar, som Elling Vanberg. Medlemmene betalar 50 kroner per kveld, som dekkjer husleige, kaffi/te og litt å bite. Viseklubben opptreer iblant saman med lokale songlag. Stryn Viseklubb har aldri vore med i Norsk Viseforum, eller vurdert slik medlemskap

Hordaland

Norsk Viseforum har i dag tre medlemslag i Hordaland. Desse tre er relativt nystarta og har same leiar, Nicolay Leganger.

Bergen Viseforum vart skipa i 2014. Det begynte smått og uformelt, der ein gjeng utøvarar møttest, dei ville starte ein konsertkveld der dei sjølve kunne spele, og der ein kunne invitere folk og få andre til å spele. Formålet var ganske enkelt å ha ein samlingsplass og ein liten (konsert)arena. Klubben har no eit veileigna kjellarlokale med ei podiescene, sentralt i Bergen, med ein avtale om eitt arrangement der éin gong i månaden. Der har ein først éin hovudartist, så er det Open Scene. Det er bra med publikum, artistar og innmeldingar. Lokalet har plass til vel 50 personar.

Eit styre, leia av Nicolay Leganger, og anna nødvendig organisering kom på plass i 2015. Klubben har no sett i gang ei ungszene med ein talentkonkurranse og eit låtskrivarkurs, finansiert ved Frifondsmidlar. Ein har òg fått tilskot frå Musikkutstyrsordninga. Klubben har hatt bra kontinuitet sidan starten, men nokre av dei unge som var med og skipa klubben, har forsvunne. Medlemmene er no for det meste i alderen 55 pluss. Ein har snakka om å få til eit Bergen Viseforum spesial på Logen Teater.

I klubben vert det tenkt slik kring det dei driv med: akustisk musikk, tekstformidling; ikkje nødvendigvis norsk, men akustisk i eit stille og roleg format, på ein måte slik at teksten skal vere i fokus.

Strilen Artist- og Viseklubb vart også skipa i 2014, etter initiativ frå Nicolay Leganger. Klubben held til på Hundvin i Lindås kommune nord for Bergen. Klubben, som er knytt til ungdomslaget Nybrot, har halde eit høgt aktivitetsnivå sidan starten, med medlemskveldar (kvar 14. dag), artistkveldar, ulike kurs, fleire lokale samarbeidsprosjekt osv. Klubben har hatt over 100 unge medlemmer, og jobbar aktivt i lag med lokalsamfunnet. Tanken bak har vore å gje alle som vil, ei scene å vise seg fram på uansett kva nivå dei er på.

Stallens Visevenner vart skipa i 2015. Dette er ein viseklubb som har som musikalsk formål «å utvikle talenter gjennom øving, kurs og hyggelige medlemskvelder.» Nicolay Leganger er initiativtakar og styreleiar. Stallen er eit lite lokale, med plass til band og 15 gjestar/medlemmer. Det er tett samarbeid mellom Stallens Visevenner og Strilen Artist og Viseklubb. Denne klubben har ca. 50 medlemmer, og er nærmare knytt til Leganger (personleg) enn det Strilen er.

Leganger fekk i 2016 Frivilligprisen for Lindås kommune. Bakgrunnen for dette var særleg arbeidet hans med musikk- og kulturlivet knytt til Strilens Artist- og Viseklubb og Stallens Visevenner. Leganger streka i eit intervju i lokalavisa under at det «er hundre menneske som fortener denne prisen meir enn meg. Det må dugnad til for å få til alt vi gjer på Hundvin»

(Nordhordland 25.1.2017). Særleg på landsbygda er dugnaden ein føresetnad for å få til og lukkast med slike kulturelle tiltak.

Begge organisasjonane på Hundvin er medlemmer i Norsk Viseforum.

Andre viseklubbar i Hordaland

I Hordaland finst det, og har funnest, nokre aktive viseklubbar som ikkje er medlemmer i Norsk Viseforum.

Dyvekes Viseklubb i Bergen begynte sin aktivitet i 2009. Klubben held til Gjest Baardsen-kjellaren i kafeen Dyvekes vinstue i sentrum av Bergen. Musikkaktiviteten på visekveldane er knytt til eit fast band med profesjonelle musikarar, *Brødrene Iversen*, som er «brødre i ånden». Dette skjer kvar torsdagskveld, pluss under gatefestar om sommaren. Kjente musikarar i Bergen droppar iblant innom, t.d. Jan Eggum og Tor Endresen. Repertoaret er ikkje knytt berre til viser og visesong. Klubben har årleg hatt rundt 100 medlemmer, dei fleste i 60-årsalderen. Mange har vore medlemmer i fleire år. Så langt (april 2017) har 65 personar betalt medlemskontingent for 2017. Lønnsbudsjettet er rundt ein halv million kroner. Klubben er registrert i Brønnøysund og har eit styre på fire medlemmer.

Doddos Viseklubb i Bergen vart oppretta i 2009. Klubben var knytt til artisten Eduardo «Doddo» Andersen, og heldt til i Klosteret Mat og Vinhus, iblant også på Lille Ole Bull i sentrum av Bergen. I utgangspunktet presenterte «Doddoen» éin gong i månaden «nye og gamle artister i en lun og lyttende atmosfære.» Aktiviteten gjekk i bølgedaler. Klubben var først og fremst ein konsertarena, men skipa også til nokre kurs, m.a. i låtskriving. Det var eit idealistisk prosjekt, som var «kjekt veldig lenge», men etter kvart vart den administrative og rapporterende delen av arbeidet for omfattande for klubbeigararen, fortel Doddoen. Han valde derfor å leggje ned klubben kring årsskiftet 2016/17. Klubben hadde ca. 750 «medlemmer» på Facebook.

Olsen & Jensens Viseklubb på Leirvik på Stord vart starta i 2011. Klubben har, som det vart sagt på eiga FB-side, «levert konsertar jamt og trutt sidan Bob Dylan fylte 70 år.» Klubben har sine arrangement ca. éin gong i månaden på ein kafé/pub i sentrum av Leirvik. Tidspunktet er laurdagar kl. 16.00. Konseptet er éin artist og band. Iblant er det spesielle artistar som vert hylla på konsertane med lokale musikarar. Pub-eigaren ber den økonomiske risikoen. Klubben har ikkje medlemskap. Lokalet kan ta 200 gjester, men det bør helst ikkje vere meir enn 150. Besøket på visekonsertane varierer noko. I 2016 hadde dei ein «minifestival» med bl.a. Ole Paus og Lars Lillo Stenberg. Klubbeigarane karakteriserer konseptet sitt som upretensiøst, og at dei trivst godt «ut forbi bransjen». Klubben er ikkje registrert i Brønnøysund.

I perioden 1971 til 1986 var *Askeladden Vise- og Lyrikkklubb* aktiv i Bergen. Klubben heldt til i Krypten, kjellaren under kyrkjerommet i den katolske kyrkja i Bergen. Det var lenge ein aktiv og kjekk viseklubb, som dreiv etter prinsippet at det skulle vere ein stad der folk fekk prøve ut viser, alle fekk spele, ein visste aldri kven som kom og ein visste heller ikkje kva programmet var. Men det var rift om å spele i klubben. Saman med Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum skipa Askeladden i 1980 og 1981 til Vestlandsfestivalen på Ulvensletta utanfor Bergen. Første året vart, som alt nemnt, ein suksess, også økonomisk, andre året regna festivalen vekk. I 1986 var det slutt for Askeladden. Om lag på same tid sjølvdøyde også Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum.

I 2007 vart *Voss Viseklubb* skipa, på Voss. Den hadde nokre få år stor aktivitet, med rundt 300 medlemmer på det meste, og eit rikt og variert program. I 2014 vart leiaren her, Vidar Skeie, vald til leiar av eit interimsstyre som skulle førebu etablering av eit nytt Vestnorsk Viseforum. Men alt året etter, 2015, vart Voss Viseklubb avvikla. Klubben varte altså berre 7-8 år.

Rogaland

Norsk Viseforum har i dag fire medlemslag i Rogaland.

Sentralt her står *Stavanger Vise- og Lyrikkklubb*, som vart skipa alt i 1969. Unge Terje Vallestad, 17, med bakgrunn frå lags- og organisasjonsarbeid i Bondeungdomslaget på Stord, vart vald til leiar på benkeforslag. Klubben blei snøgt Noregs største viseklubb. Unge Vallestad vart etter vel tre år avsett som leiar; han vart oppfatta som for dominerande. Men etter knapt eit år var han tilbake i formannsstolen. Før han gjekk vidare til andre arbeidsoppgåver, spesielt arbeidet med Trubaduraften på Korvetten, rakk han mellom anna å vere med i skipinga av Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum i Bergen i 1974.

Viseklubben i Stavanger har, tross ein del avbrot, halde det gåande heilt sidan starten i 1969. Aktiviteten var låg på 1980-talet. Då var Askeladden i Bergen, Pan viseklubb på Jørpeland og Fokus på Stord dei viktigaste aktørane. På byrjinga av 1990-talet vart klubben starta opp att, men låg i dvale igjen på slutten av tiåret. Han var starta på nytt att tidleg i 2001, med Ole Fjetland i spissen. Sidan då har klubben halde det gåande, først på Café Sting, så nede i byen nokre år, før klubben i 2011 igjen kom tilbake til Sting.

I dag har klubben eit styre av godt vaksne menn. Klubben har vorte meir ei konsertscene enn ein tradisjonell klubb, så klubbfølelsen ein fekk med viseverkstader og diskusjonar og viser, er nesten borte no, fortel Gudmund Rydning. Men klubben har til saman rundt 350 medlemmer innom dørene på dei 12-15 visekveldane kvart år. Desse kveldane har éin hovudartist og open scene med unge, lovande visesongarar. Om hovudartisten er lokal, kjem det mange lokale folk til visekvelden, ungdommar også. Fleire unge artistar frå Stavanger og regionen har brukt konsertar på visekveldane som springbrett. Og publikum likar seg godt under visekveldane i kjellaren på Sting. Klubben er blant dei største i landet for tida.

Kommunen yter 50.000 kroner i året i driftsstøtte til klubben. Det årlege budsjettet er rundt kr 250.00, og økonomien er under kontroll. Men det er etter kvart behov for yngre krefter til å ta over styrearbeidet.

Stavanger vise- og poesifestival er ei nyskaping som såg dagsens lys i 2015. Men veteranar i viserørsla som Kjell Reianes og Terje Vallestad er drivkrefter i og for denne festivalen som går føre seg på kafeen til sistnemnde, Café Sting. Første festival vart skipa til i desember 2015, då under namnet Stavanger Visefestival. Norsk Viseforum løvde kr 25.000 til dette, som ein del av potten på kr 100.000 NVF hadde sett av til regionale markeringar for 50-årsjubileet i 2015 for organisasjonen. Festivalen vart òg ønskt velkomen av kommunen.

Arbeidet med å få til ein slik festival var blant arbeidsoppgåvene for det NVF-oppnemnde (interims)styret for eit (mogleg) Vestnorsk Viseforum. Den opphavlege intensjonen var at festivalen skulle veksle mellom Stavanger og Bergen. Slik gjekk det ikkje, noko som mest skuldast at arbeidet med å få til eit Vestnorsk Viseforum vart skrinlagt etter interne konflikhtar.

2016-festivalen vart skipa til midt i november under namnet Stavanger vise- og poesifestival, som ein to-dagars festival på Sting, med 21 artistar og nokre poetar. Festivalen er liten og

intim og satsar på kvalitet. Festivalen har gått med overskot begge åra. Men gjestetala er beskjedne, 150 i 2015 og 200 i 2016. Ein ny festival er planlagt i november 2017. Kjell Reianes er leiar i styret for festivalen.

Jæren Viseklubb er det ferskaste tilskotet på visehimmelen i Rogaland. Denne klubben, med sete i Bryne, vart skipa i mars 2016. Viseentusiasten Randi Engelsvold, som alt nokre år hadde vore personleg medlem i Norsk Viseforum, var initiativtakar, etter at ho hadde delteke på to visekurs i Horten i regi av Østnorsk Viseforum i 2014 og 2015. Etter det siste kurset tok ho kontakt med andre vise- og kulturinteresserte folk på Jæren for å høyre om dei ville vere med å skipe ein viseklubb. Responsen var positiv. Dei interesserte møttest så i mars 2016 og fekk på plass eit styre og vart samde om retningslinjer o.l. for klubben: visekveldar annakvar måndag, satse på breidde; ikkje berre ha konsertar, men òg prøve å få til eit godt og blanda miljø kring klubben, med plass både for lokale amatørar og dei meir erfarne.

12-14 mai 2017 skipa klubben til sitt første viseseminar, etter samarbeid med erfarne Hans B Stokkeland ved Ogn Scene, lenger sør på Jæren. Ingvar Hovland, Tønes og Kjell Inge Torgersen var med på seminaret, som òg inneheldt eit «rappekurs» for den unge garde.

Det har undervegs i arbeidet vore god og konstruktiv kontakt med Audun Reithaug i Norsk Viseforum og med Norsk musikkråds avdeling i Rogaland. Klubbkveldane, på ein slags pub i Bryne, dreg mellom 30-50 personar. Aldersfordelinga er rimeleg bra. Ein har ikkje heilt fått til dette med medlemslister enno, men dei skal begynne med arbeidet etter å ha få diskutert saka på årsmøte i 2017.

Egersund Visefestival, noko lenger sør i fylket, er ikkje noko mindre enn Noregs eldste visefestival. Han starta i 1994. Den 24. festivalen i rekkja går av stapelen 6-8 juli i sommar. Festivalen er organisert som eiga stifting. Henning Feyling er både styreleiar og dagleg leiar av festivalen. Festivalen går over tre hektiske dagar midt på sommaren, men har ingen aktivitet elles på året. Festivalen har ingen lønna tilsette.

Festivalen vart i Stavanger Aftenblad sommaren 2014 skildra som «så herlig motstrøms, så til de grader umoderne og i tillegg fullstendig for jåleri.» Her er det «ingen plakattopp», og ingen «skikkelig store artister». Egersund Visefestival «er en festival for underskogen av viseartister», skriv Aftenbladet (3.7.2014). Dagleg leiar Henning Feyling seier at dette er «en riktig beskrivelse.» I 2011 forsøkte festivalen seg med nokre (fordums) store namn som The Hollies og Ray Davies frå The Kinks. Det kosta meir enn det smakte, og enda med eit solid underskot på 138.000. Deretter vart kursen lagt om.

Eit utvida, men ikkje utvatna, viseomgrep ligg til grunn for festivalen. Årets festival inneheld «folk rock», «indie rock», «folk pop», «popmusikk på syre», «rock», Halvdan Sivertsen, Frida Annevik, Mikael Wiehe og mykje, mykje anna. Alt føregår på sju ulike scener i sentrum av byen. Ein kan lett gå frå eine til hin enden. Jamt kjem det mellom 3.000-3.500 til festivalen. Eit festivalpass kostar 1.200 kroner. Egersund Visefestival er, ifølgje Stavanger Aftenblad, «kos, musikk og trivsel på en festival som er skreddersydd til småbykulissene den arrangeres i.»

Festivalen får tilskot frå Kulturrådet og Egersund kommune og eit stadig minkande tilskot frå Rogaland fylkeskommune. Omsetninga har siste åra variert mellom 1,3 og 1,8 mill. kroner.

Andre klubbar/tiltak i Rogaland

«Ogna Scene - med rom for å feile.» Slik lydde ei overskrift i Stavanger Aftenblad 11.10.2011. Dette året etablerte Hans Berge Stokkeland, saman med Bente Gahnstrøm, Ogna Scene i Helgåleiren mellom Ogna og Brusand på Sør-Jæren. Konseptet Ogna scene hadde som mål å gjere Ogna til kulturhovudstaden i Hå. Ogna scene skulle først og fremst vere ein kulturarena der artistar kunne få vise fram sine verk, anten det er kunst, visesong, dans eller lyrikk. «Målet er å skapa eit miljø som gjer folk medvitne på kva me har her i distriktet av kulturpersonlegdommar,» sa Stokkeland til Jærbladet i januar 2012.

Stokkeland driv òg selskapa Helgåleiren AS (skipa i 1998) og Helgå Konserter AS (skipa i 2015). Ogna Scene er organisert som ei foreining.

Dei første åra etter 2011 var Ogna Scene både som foreining og merkevare knytt til kulturarrangement som nemnde ovanfor. Dei siste åra har Ogna Scene som selskap og foreining vore «dødt». Arrangementa på scena/-ene i Helgåleiren skjer no i regi av selskapet Helgåleiren AS, medan meir kommersielle konsertar og tilskipingar skjer i regi av Helgå Konserter AS på andre scener, som bl.a. Ognahallen og Sokndalhallen. Namnet Ogna Scene vert framleis knytt til tilskipingar som gjeld viser, jazz, lyrikk og kunst o.l.. Programmet i Helgåleiren, med eller utan tilknytning til Ogna Scene, er variert og mangfaldig og held for det meste høg kvalitet. Dagleg leiar Stokkeland er den einaste tilsette i tre (to) selskapa. Han driv og kursverksemd og coaching, og er samarbeidspart for andre vise- og musikktiltak på Jæren og i Stavanger.

Ogna Scene var eit par-tre år medlem i Norsk Viseforum, men melde seg ut i 2016.

Vise- og Lyrikkfestivalen i Haugesund kom att i ny form i 2009, etter ein pause på heile 37 år. Det var som før nemnt i Haugesund dei første eigentlege visefestivalane i Noreg, skipa til av viseklubben Forum som blei starta i 1968. Alt på den første festivalen hadde ein besøk av leiande norske visesongarar og lyrikarar, men verkeleg merksemd vekte festivalane i 1971 og 1972. Deretter vart det stopp. I mai 2009 vart festivalen så teken opp att, og har blitt skipa til kvart år sidan då, men utan å ha fått det omfang og gjennomslag som dei no legendariske festivalane på 1970-talet hadde.

Aksjeselskapet *Vise- & Lyrikkfestivalen Haugesund AS* står bak arrangementet. Selskapet er eigd (75 pst.) av Haugesunds Høvleri & Trælastforretning AS. Bjørn Dybdahl, som er dagleg leiar i dette selskapet, er både dagleg leiar og styreleiar i festivalen. Selskapet vart skipa i 2009. Omsetninga har i perioden 2009-15 variert mellom kr 598.000 og 420.000. Årsresultatet har variert mellom pluss/minus kr. 50.000. I 2017 hadde festivalen i følge Haugesund Avis 21.3.2017 berre vel 300 besøkande og gjekk med underskot. Festivalen får støtte frå Kulturrådet, kommune og fylkeskommune.

Festivalprogrammet inneheld både viser, annan (norsk) musikk og lyrikk. «Innholdsmessig synes jeg årets vise og lyrikk er den beste vi har hatt. Men Haugesund er nok hakket for liten for en såpass sær festival, så vi må justere», konstaterte styreleiar/dagleg leiar Dybdahl etter årets festival. Han sa vidare at «vise og lyrikk er ikke en festival på bygda med telt og bil. Vi er en rar og humor festival som skal være gøy. Og det kommer den til å bli» (Haugesunds Avis 21.3.2017).

Oppsummert

Viseaktiviteten, også den organiserte, er i vekst på Vestlandet. Men det er lite av tradisjonell viseklubbdrift i Bergen og Stavanger. By-klubbane har i staden vorte (mindre) konsertarenaer. Det er meir variert klubbverksemd knytt til klubbane på Hundvin og Jæren. Rogaland har for tida tre visefestivalar. Hordaland har ingen. I Sogn og Fjordane er det lite (organisert) viseaktivitet. Det er eit visst potensial for fleire klubbar og andre organiserte viseaktivitetar, særleg i Hordaland og Sogn og Fjordane. No finn vi rundt 3/4 av aktiviteten på feltet i Rogaland.

6 Eit «Vestnorsk Viseforum»?

Forsøket med å etablere Vestnorsk Viseforum i 2014/15 førte, som vi har sett, ikkje fram. Bør ein likevel no, eit par år etter, prøve på nytt? Og kva kan eller skal ein no gjere annleis for å lykkast?

Dei viktigaste argumenta for ei slik etablering ligg i det som alt er streka under fleire gonger tidlegare i denne rapporten: visefeltet er inne i ei positiv utvikling for tida.

- ✓ Veksande aktivitet på feltet
- ✓ Medlemsvekst
- ✓ Meir synleg visefelt
- ✓ Ein liten, men konsolidert, ambisiøs og veldriven nasjonal organisasjon
- ✓ To rimeleg velfungerande regionorganisasjonar i nord og aust
- ✓ Fleire nye visetiltak på Vestlandet

Ideen om ein vestnorsk regionorganisasjon på visefeltet har stort sett blitt møtt med velvilje blant dei eg har snakka med undervegs i dette arbeidet. Det har òg kome fleire gode innspel til oppgåver for Vestnorsk Viseforum, kva for utfordringar ein står overfor og korleis ein best kan få til ei berekraftig organisering (og finansiering), jf. nedanfor:

Oppgåver

Vere regionledd for Norsk Viseforum

- Organisere aktivitetar o.a. på vegne av Norsk Viseforum
- Vere bindeledd mellom sentralt ledd og lokale lag og føretak
- Regionalt vertskap for nasjonale tiltak
- Trekkje fleire nasjonale midlar og oppgåver til Vestlandet
- Internasjonalt samarbeid på enkelte felt

Regionale og lokale oppgåver

- Auke den musikalske kompetansen blant medlemmene (instruksjon, arrangement, tekst, melodi, stemmekurs, «lær deg å syngje»)
- Utvikle låtskrivarverkstader
- Medverke til å etablere gode og berekraftige (vise)miljø/klubbar/festival
- Knyte aktivitet til noko som alt skjer (fleirbruk)
- Samarbeide med regionledda for andre musikksgangrar (jazz, folkemusikk, rock, pop...)
- Vere plattform for regionale nettverk, samarbeid og kompetanse

Utfordringar

- Bidra til å gjere visa populær («kul») på Vestlandet

- Bidra til å få dei unge meir med (også organisatorisk)
- Få aktivisert den yngre generasjonen
- Dekkje heile Vestlandet
- Formidlingsrolla
- Sikre at forumet vert skikkeleg forankra, organisatorisk og politisk
- Avgrensing mot andre regionar
- Samarbeidet mellom amatørar og profesjonelle

Organisering

- Finne dei rette aktørane til å sitje i styret
- Avgjere sekretariatstilknytning
- Få med seg nokre kjende visesongarar på laget
- Treng nokre «bjellesauer»
- Unngå doble strukturar
- Sjå organisering og oppgåver i samanheng med arbeidet som no går føre seg med mogleg reorganisering av regionale kompetansesentra for musikk

Finansiering

- Bidrag frå NVF
- Fylkeskommunal medverknad
- Avgifter/bidrag frå kurs og seminarverksemd
- VO- og prosjektmidlar
- Sponsing?

Punkta ovanfor treng noko utdjuping.

Arbeidsoppgåvene for eit Vestnorsk Viseforum kan delast i to: oppgåva som regional-ledd for Norsk Viseforum og oppgåva som ein koordinerande og utviklande organisasjon for lokallag og visemiljø på Vestlandet. Det kan liggje nokre spenningar alt her. Å trekkje og utvikle meir nasjonal aktivitet på feltet til Vestlandet vil vere viktig. Men like viktig er det at regionleddet arbeider for kompetanseutvikling i brei forstand for lokale klubbar og miljø, og bidreg til å utvikle auka aktivitet på visefeltet. Ei anna viktig oppgåve vil vere å koordinere fagleg samarbeid med dei andre regionale musikkorganisasjonane og kompetansesentra. Ein kan òg ha i mente at den vestnorske visetradisjonen truleg ligg nærmare den politisk-opposisjonelle nordnorske tradisjonen enn noko meir fristerte, vennlegsinna austnorske. Kva dette eventuelt har å seie når det gjeld regional organisering i dag, er uvisst.

Dei tre første punkta under det vi har kalla *utfordringar*, er forhold som ikkje spesielt gjeld Vestlandet. Vise-Noreg, særleg på det organisatoriske nivået, er sterkt prega av menn i alderen 55+. Fleire av dei unge menn (og gitar) som stod bak viseorganisasjonar lokalt og regionalt på tidleg 1970-tal, pregar feltet enno. Heller ikkje blant utøvarar og publikum er det dei unge som gjer seg mest gjeldande. Éin av mine unge informantar gav svært tydeleg uttrykk for at det (mogleg) nye vestnorske viseforumet burde sjå det som éi av sine utfordringar å gjere visa «kul» att. Oppgåva burde vere overkomeleg. Og det gjeld ikkje berre Vestlandet.

Ein vil fort også møte spørsmålet om formidlingsrolla til det nye regionale forumet. Trengst det (verkeleg) eit nytt organ mellom det lokale og det nasjonale nivået? Korleis gagnar dette visesongen, visesongarane og viseklubbane? Kva skal Vestnorsk Viseforum bidra med som ikkje vert minst like gode teke vare på i dag? Kan det nye organet skaffe fleire midlar og ressursar til det lokale nivået? Norsk Viseforum må ha gode svar på slike spørsmål. Dei kan

sjølvsagt få hjelp her frå dei to eksisterande regionale viseforum i aust og nord. Men i utgangspunktet er det kanskje ikkje lokalnivået som krev ein (ny) regional formidlingsinstitusjon. Det er det nasjonale organet, Norsk Viseforum her, som ønskjer seg (nok) eit regionalt organ. Slik driv det nasjonale organet organisasjonsbygging. Og for visefeltets status og merksemd i det kulturelle og, særleg, det kulturpolitiske, Noreg, er denne type regional organisering viktig.

Ein vestnorsk regionorganisasjon skal dekkje heile Vestlandet. Dette må vise att i representasjon i styret og andre organ. Sameleis må forumet ha støtte og oppslutning i relevante regionale politiske og kulturelle organ. Men ein må ha med seg at per i dag er rundt 3/4 av viseaktivitetane på Vestlandet lokaliserte til Rogaland. I Rogaland, frå Stavanger og sørover, har det òg vore visekrefter som har tenkt på nærmare tilknytning til Sørlandet enn til Hordaland. Slike ting bør òg avklarast før ein startar arbeidet med eit Vestnorsk Viseforum. At Sogn og Fjordane og Hordaland kanskje vert ein ny region (nytt fylke) om nokre få år, spelar lita rolle for dette arbeidet. Rogaland skal halde fram som eige fylke (region).

Organisering er kanskje det aller viktigaste. I 2014 vart det gjort dårleg førearbeid då Norsk Viseforum sette saman eit (interims)styre for det «påtenkte» Vestnorsk Viseforum. Noko slikt kan ein ikkje risikere på nytt. Styreleiarrolla er særskild viktig. Kanskje bør ein hente ein godt kvalifisert person utanfrå til dette vervet, frå ein annan regional musikkorganisasjon til dømes. Korleis styret skal vere samansett, og kven som skal peikast ut, må tidleg avklarast mellom Norsk Viseforum og regionale medlemsorganisasjonar. Det kan vere tenleg å ha kjende visesongarar med seg på laget.

Både Rogaland og Hordaland har elles viseklubbar og viseorganisasjonar som ikkje er medlemmer av NVF. Skal dei inviterast inn? Skal Rogaland ha fleire medlemmer i styret enn Hordaland? Bør det ikkje vere med nokon frå Sogn og Fjordane? Vil (bør) BRAK og/eller STAR inviterast med i eit (interims)styre? Spørsmålet om det nye forumet skal vere ein (rein) dugnadsorganisasjon (à la ØNV) eller ha eit betalt sekretariat (à la NNV) vil òg fort dukke opp. Kvar helst vil ein eventuelt kjøpe sekretariatstenester, og kvar helst skal sekretariatet plasserast? Stavanger eller Bergen? Jo før dette vert avklart, jo betre.

Spørsmålet om «doble strukturar» og tilpassingar til det arbeidet Kulturrådet no gjer med dei regionale kompetansesentra, vert særskild viktig for (det første) styret i Vestnorsk Viseforum. Dette har også fleire av mine informantar peikt på. Doble strukturar skal unngåast.

Når det gjeld *finansiering*, representerer også Nordnorsk og Østnorsk Viseforum to ulike modellar. Budsjetta til NNV og ØNV for 2016 var kr 205.000 og kr 362.000. Eit Vestnorsk viseforum vil heilt klart trenge noko regional offentleg finansiering, i alle fall i ein startfase. Det kan verke som fylkeskommunane i regionen vil yte slik bistand. Uansett vil deler av verksemda til det (mogleg) nye forumet måtte finansierast gjennom eigenbetaling på kurs og seminar, og med driftstilskot frå moderorganisasjonen. Sponsorar har det vore lite av i viserørsla. Det skadar ikkje om ein prøver å få dette til på Vestlandet.

Prøve på nytt?

Visefeltet i Noreg er i vekst og positiv utvikling. Norsk Viseforum ønskjer seg ein regional organisasjon på Vestlandet som kan medverke til å stimulere og utvikle visefeltet og visemiljøa på Vestlandet, styrkje og betre den lokale musikalske kompetansen og bidra til auka viseaktivitet i lokalmiljøa. Det vestnorske viseforumet skal òg vere eit regionalt organ for Norsk Viseforum. Ein slik strategi verkar fornuftig, sett frå den sentrale organisasjonen.

Men det var tenkt omtrent det same då Norsk Viseforum i 2014 faktisk skipa eit Vestnorsk Viseforum og utnemnde eit styre. Som vi har sett, gjekk dette ikkje særleg bra. Den første styreleiaren forsvann fort ut, den andre klarte ikkje å etablere grunnleggjande tillitsforhold. Men det må leggjast til at denne etableringa var ein ovanfrå-ned prosess, og tydelegvis ikkje godt nok forankra i grunnorganisasjonane.

Om ein no på nytt skal prøve å etablere det vestnorske forumet, bør ein i alle fall sørge for å forankre arbeidet betre i dei lokale miljøa og grunnorganisasjonane enn det vart gjort i 2014. Dette er viktig også når det gjeld å skaffe habile og godt kompetente folk til styret. Det inneber også folk frå den yngre og framveksande visegenerasjonen. Eg viser elles til det som er skriva ovanfor om dette under punktet *organisering*. Det bør òg gjerast ei førehandsavklaring med dei kulturpolitiske styresmaktene i fylkeskommunane.

7 Visa i kulturpolitikken

Bakgrunn

Det er naturleg å sjå skipinga av eit nytt regionalt viseforum på Vestlandet i samanheng med arbeidet Kulturrådet no har sett i gang for å revidere og forenkle struktur i og arbeidsmåtar innanfor dei regionale kompetansenettverka for rytmisk musikk. Norsk Viseforum har så langt hatt lita nytte av dei årlege 34 mill. offentlege kronene (2015) i dette systemet. Heile 10 av desse 34 millionane (29 pst.) har kome det rytmiske musikklivet på Vestlandet til gode. Særleg er jassen godt offentleg (statleg) finansiert i vår del av landet.

Norsk Viseforum arbeider dessutan med realisering av ein strategiplan for 2017-20, der ein vil «skape synergi mellom frivillig og profesjonell fremme av visa.»

Tre viktige prosesser for NVF er såleis i gang for tida:

- Arbeid med skiping av eit nytt regionalledd
- Revisjon av struktur for regionale kompetansenettverk for rytmisk musikk
- Strategiprosess om forholdet amatør-profesjonell

Dette skapar eit godt høve for å bringe visefeltet sterkare inn i kulturpolitikken, særleg den regionale. Eg avsluttar derfor arbeidet mitt med ein del refleksjonar kring dette.

Lat oss først rekapitulere:

Nokre korte hektiske år i byrjinga av og midten på 1970-talet var visa ein viktig og svært synleg del av det norske kulturlivet og kulturbildet. Visa var også, særleg i nord og i vest, ein del av og eit vesentleg bidrag til utforminga av den nye nasjonale kulturpolitikken med si vekt på desentralisering og demokratisering. Ein ny generasjon profesjonelle visesongarar prega den kulturelle arenaen. Fleire av dei har gjort det heilt fram til våre dagar. Den viserørsla desse artistane vaks ut i frå, gjekk i hovudsak i oppløysing i 1980-åra. I dag er viseaktiviteten stigande og visefeltet i vekst, slik vi har dokumentert.

Strategiplanen: amatørar og profesjonelle i visefeltet

Norsk Viseforum står i dag mest fram som ein organisasjon for den frivillige og amatørbaserte viserørsla. Organisasjonen får då også sitt statlege driftstilskot gjennom Norsk musikkråd, som er hovudorganisasjonen for det fritidsbaserte musikklivet i Noreg. «NVF er

trygt forankret i denne tilskuddspotten og arbeider ikke for flytting til departementet eller kulturrådet», heiter det i NVFs årsmelding for 2016.

På den andre sida: I strategiplanen for Norsk Viseforum 2017-2020 er nettopp forholdet mellom «frivillighet på den ene siden» og på den andre sida «utøvere som har som målsetting å ha inntekt eller utkomme som visekunstnere, musikere/artister» eit hovudpunkt. Strategiplanen er retta inn mot «å ivareta og skape et vinn-vinn forhold mellom disse to ytterpunktene.» Dette er formulert slik: «Hvordan skape synergi mellom frivillig og profesjonell fremme av visa?» Målsetjinga er å utvikle eit samspel og ein lojalitet mellom amatør og profesjonell som «gir en vinn-vinn situasjon.»

Strategiplanen vart drøfta på eit seminar under landsmøtet i Stavanger i mars 2017. Det var her full semje om strategien, utan at forholdet mellom amatør og profesjonell vart særleg mykje problematisert. Tiltaka, som dreidde seg om alt frå betre utnytting av dei mange støtteordningane via erfaringsutveksling til nye scener og fleire turnear, galdt både «frivilligheten» og dei profesjonelle artistane. I og for seg eit godt vitnemål om at dei fleste organiserte i visefeltet er å finne ein eller annan stad mellom ytterpunktane på den glidande skalaen mellom heilprofesjonell visekunstnar til såkalla «den glade amatør.»

Nye regionale strukturar

Siste 25 åra har det frie, og rytmiske, musikkfeltet Noreg vorte meir regionalisert og institusjonalisert gjennom ei rekkje tiltak og ordningar både på nasjonalt og regionalt nivå. Staten har stått i spissen for arbeidet, i samarbeid med og etter påtrykk frå organisasjonane i musikklivet. For regionale ordningar og institusjonar er fylkeskommunen og vertskommunane også viktige bidragsytarar. Både for jazzen, folkemusikken og delvis for den rytmiske musikken elles har det blitt etablert regionale kompetansesentra over heile landet. Det starta med etablering av Norsk jazzforum og regionale jazzsentra i siste halvdel av 1990-talet. Ei nasjonal jazzscene kom òg på plass. Seinare har folkemusikken fått både ei riksscene og regionale kompetansesentra. Desse er i betydeleg grad statleg finansierte. Det har også vorte bygd ut eit noko komplisert og etter kvart uoversiktleg system med generelle og sjangeruavhengige regionale kompetansesentra for musikk over heile landet. I tillegg har det blitt etablert regionale kompetansenettverk for musikk. Alle desse får delar av sine løyvingar over statsbudsjettet, og er elles finansierte av fylkeskommunar og vertskommunar.

Desse tiltaka fekk i 2015 samla offentlege løyvingar på 34 mill. kroner, som fordelte seg med 20 mill. frå staten, 8 mill. frå fylkeskommunane og 6 mill. frå kommunane (Kulturrådet 2017). Visefeltet har knapt sett noko til desse pengane.

Engerutvalet peikte i Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) på at meir av løyvingane i det rytmiske musikklivet bør vriast mot arrangørstøtte og dei ordningane som stimulerer det frie musikklivet direkte (s. 147). Har kanskje den raske veksten i løyvingar og oppbygginga av nasjonale og regionale institusjonar og instituerte ordningar, gitt oss ei institusjonalisering som er «kontraproduktiv», spør Engerutvalet, og seier med andre ord at institusjonaliseringa av det frie musikkfeltet har kome langt nok.

Dette er noko av bakgrunnen for at Kulturrådet har fått i oppgåve av Kulturdepartementet å lage forslag til (ny) struktur når det gjeld dei etter kvart mange regionale kompetansesentra for musikk. Eit omfattande notat utarbeidd av Kulturrådet vart sendt på høyring med innspelsfrist 3.4.2017. Notatet skisserer ulike modellar for ein ny og meir oversiktleg organisasjonsstruktur. Den «kulturpolitiske dimensjon og visjon» er likevel «å bidra til å

styrke regionale sentra og musikk- og bransjeutvikling.» Dette vert tolka til å omfatte både styrking av faktiske musikk-sentra, og å styrkje utviklinga av «musikk og kultur i geografiske sentre (storbyer)» (Kulturrådet 2017).

Visefeltets «utenforskap»

Norsk Viseforum peikar i sitt høyringssvar til Kulturrådet mellom anna på at dagens regionale strukturar har etablert eit hierarki mellom musikkformer, og at dette skaper ei form for «utenforskap», særleg ved at sjangerbåsane vert den viktigaste premissen for kva som er «en støtteverdig kulturform». Det vert her særleg vist til praksisen for turnéstøtte frå regionale jazzsenter. Det same gjeld tilskot til festivalar og konsertarrangørar. Visesjangeren fell utanfor og opplever at det er utanforskapen, ikkje kvaliteten i produktet, som er utslagsgivande. Det vert vist til fleire slike tilfelle i høyringssvaret til NVF. Her vert det òg bede om «mer samhandling, bedre utnyttelse av synergier mellom aktører og strukturer i det frie feltet, mer raushet mellom sjangrane og mindre utenforskap.» Sjangerbåsane kan ikkje lenger vere premissen for kva som er «en støtteverdig kulturform.» Utfordringa går særleg til dei regionale jazzsentra, som bør vere meir opne.

Visefeltet er éin av dei musikalske sjangrane som har opplevd dette diskriminerande utanforskapet i praksis. Dette kjem klart fram i høyringssvaret til Norsk Viseforum. Her skriv også NVF at dersom det vert foreslått å etablere eit Vestnorsk Viseforum, så bør «det inkluderes i de allerede eksisterende nettverk og strukturer for regionale sentre.» I praksis vil dette seie BRAK (og VRAK ?) i Hordaland og Sogn og Fjordane, STAR i Rogaland og Vestnorsk Jazzsenter, som omfattar dei tre vestlandsfylka.

Tre viktige prosessar

I dag føregår det tre viktige prosessar som vil ha verknad på utforminga av framtida for Norsk Viseforum:

- 1) I løpet av dei par neste åra vil Norsk Viseforum gjennom ein strategiprosess utvikle eit samspel og ein lojalitet mellom amatør og profesjonell som «gir en vinn-vinn situasjon.» Denne prosessen fekk ein konstruktiv start på strategiseminar i Stavanger i mars. Eit truleg utfall av arbeidet er at ein vil tydeleggjere at NVF også er ein fagorganisasjon for det profesjonelle visefeltet og dei profesjonelle artistane og visesongarane.
- 2) I løpet av same tidsrom vil ein revidert og truleg forenkla struktur for regionale kompetansenettverk for rytmisk musikk kome på plass. «Når både arrangører, kunstnere og de offentlige bevilgningene til feltet viser en vilje til å forstå musikk utenfor sjangergrensene, kan det være et viktig skritt å gjøre det samme med ressursentrene», skriv Musikkutvalet i Kulturrådet i høyringsnotatet. Norsk Viseforum har klart falle utanfor desse sjangergrensene ved dei regionale «ressursentrene.» Den nye regionale strukturen vil måtte ta dette innover seg. Men ein må òg ha klart for seg at Kulturrådet er særleg opptekne av at dei regionale kompetansenettverka skal vere til nytte for profesjonelle utøvarar.
- 3) Samtidig med dette arbeider Norsk Viseforum no med å styrkje sin eigen regionale struktur. Om eit par år finst det truleg tre regionale viseforum, som vil dekkje Nord-Noreg, Austlandet og Vestlandet.

For Norsk Viseforum inneber desse tre prosessane viktige avklarings- og utviklingsoppgåver både prinsipielt og praktisk når det gjeld:

- Utvikle eit samspel og ein lojalitet mellom amatør og profesjonell som gir ein «vinn/vinn-situasjon»
- Avvikle «utanforskapet»
- Byggje ut og profesjonalisere regionleddet

Det kan vere utfordrande for ein liten organisasjon som NVF å koordinere og utvikle desse tre prosessane parallelt. Det kan òg hende at delar av organisasjonen eller sentrale personar i miljøa set seg imot etablering av ein (fleire?) regionorganisasjon(ar), eller kanskje ikkje ønskjer det NVF har kalla ein «synergi mellom frivillig og profesjonell fremme av visa.» Men samtidig signaliserer innspelet til Kulturrådet at NVF vil ut av utanforskapet. Ein føresetnad for det er at NVF klargjer at ein også er ein organisasjon for dei profesjonelle aktørane i feltet.

Det er såleis ein tydeleg samanheng mellom dei tre aspekta som er trekte fram ovanfor. Her byr det seg også eit høve for Norsk Viseforum å stå fram som ein tydelegare kulturpolitisk aktør på vegne av eit felt og ein musikkjanger som er i vekst, men som lenge har levd eit liv i utanforskap når det gjeld tilgang til aukande offentlege midlar. Også visefeltet høyrer til innanfor dei regionale kompetansesentra for rytmiske musikk. Feltet krev no ein rettmessig del av dei offentlege musikkmidlane på dette nivået. Det er langt frå eit urimeleg krav.

For å lykkast med dette, er det nødvendig at forholdet amatør-profesjonell vert tilfredsstillande avklart. Ein ny, sterk og, ikkje minst, berekraftig regionorganisasjon på Vestlandet vil heller ikkje vere noka ulempe for NVF i arbeidet med å avvikle det mangeårige utanforskapet.

Litteratur og kjelder

Grepstad, Ottar (1985): *Balladen om Europa*. Universitetsforlaget.

Johannessen, Kirsten (1987): *Den nordnorske visebølgen i 70-åra*. Hovudfagsoppgåve, nordisk litteratur, UiTø.

Lind, Idar (2014): *Vinsjan på kaia : songar og tekstar*. Norsk noteservice, Oslo.

NOU 2013:4 *Kulturutredningen 2014* (Engerutvalget)

Rykkje, Karin (1985): *Perspektiver på den moderne visa i Norge : med utgangspunkt i utviklingen av visebegrepet*. Hovudfagsoppgåve i musikk, UiO.

Aalbu, Vegard (2008): *Makten til å ødelegge, evnen til å skape. Vise- og lyrikkfestivalene i Haugesund 1970-1972*. Masteroppgåve i historie, UiB.

Andre skriftlege kjelder

- Aftenpostens elektroniske arkiv
- Atekst: Aftenposten, Nordlys, Nordhordland, Stavanger Aftenblad, Jærbladet, Haugesunds Avis.
- Wikipedia: artikkel om «Visebølgen i Norge»; https://no.wikipedia.org/wiki/Viseb%C3%B8lgen_i_Norge
- Årsmeldingar 2013-2016 for Norsk Viseforum, Østnorsk Viseforum og Nordnorsk Viseforum
- Anna skriftleg materiale og dokumentasjon frå Norsk Viseforum og Østnorsk Viseforum

Kulturrådet (2017): *Innspillsrunde om utvikling av strukturen i regionale kompetansesentra for musikk*. Invitasjon til aktører i musikkfeltet m.v.

Norsk Viseforum (2017): *Hørings svar til innspillsnotat fra Kulturrådet*

Munnlege kjelder

Intervju og samtalar med og informasjon frå folk (i alt ca. 20 personar) med i og med tilknytning til NVF, ØNV, NNV, viseklubbar/visemiljø på Vestlandet, musikkorganisasjonar på Vestlandet og regionale kulturstyresmakter på Vestlandet.